



Innkalling  
av  
Levekårsutvalet

**Møtedato:** 24.05.2016

**Møtestad:** Rådhuset, kantina

**Møtetid:** 12:00

Eventuelle forfall må meldast til Nora Gjerde per tlf. 56 37 50 00, sms til 95 85 11 71 eller per epost til nora.gjerde@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærmere avtale.

**Orienteringar:**

- Organisering av Helse og Omsorg v/kommunalsjef Leni Dale

**Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
031/16	Godkjenning av innkalling og saksliste
032/16	Godkjenning av møteprotokoll
033/16	Klage på vedtak om skulestad
034/16	Plan for auka busetting av flyktningar i Lindås kommune
035/16	Vidare utvikling av Bjørn West museet og deltaking frå Lindås kommune
036/16	Kulturmidlar - hovudtildeling vår 2016
037/16	Melding/orientering til Levekårsutvalet

12. mai 2016

Asle Hetlebakke  
møteleiar

Nora Gjerde  
møtesekretær

# **SAKSPAPIR**

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
031/16	Levekårsutvalet	PS	24.05.2016

<b>Saksbehandlar</b>	<b>ArkivsakID</b>
Nora Gjerde	16/1480

## **Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent

## **Saksopplysningar:**

# **SAKSPAPIR**

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
032/16	Levekårsutvalet	PS	24.05.2016

<b>Saksbehandlar</b>	<b>ArkivsakID</b>
Nora Gjerde	16/1480

## **Godkjenning av møteprotokoll**

32T

Protokoll - Levekårsutvalet - 26.04.2016

Møteprotokollen vert godkjent

## **Saksopplysningar:**



## Møteprotokoll for Levekårsutvalet

**Møtedato:** 26.04.2016

**Møtestad:** Rådhuset, formannskapssalen

**Møtetid:** 12:00 - 14:50

### Orienteringar:

kl. 12:00 - Idrettsplanen, innspel frå folkemøte v/kultursjef Øyvind Stang

ca kl. 12:20 - Planstrategi kommuneplan v/rådmann Ørjan Raknes Forthun

ca kl. 13:20 - Elevar frå Leknes som søker til Knarvik ungdomsskule v/kommunalsjef Kristin Moe

### Merknader:

Dag Henning Valdersnes-Krf, gjekk under handsaming av sak 030/16.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Asle Hetlebakke	KRF	Utvalsleiar
Stina Vabø Mongstad	AP	Nestleiar
Dag Henning Valdersnes	KRF	Medlem
Leidulv Brunborg	AP	Medlem
Ingeborg Myksvoll	SP	Medlem
Anita Bakken	MDG	Medlem
Olav Magnus Steinsland	H	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Øystein Reidar Moldeklev	FRP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Dan Olsen	FRP	

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Atle Vaage-fagleiar for idrett og grønt, Hogne Haugsdal-assisterande rådmann, Kristin Moe-kommunalsjef, Ørjan Raknes Forthun-rådmann, Øyvind Stang-kultursjef, Nora Gjerde-sekretær

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
025/16	Godkjenning av innkalling og saksliste
026/16	Godkjenning av møteprotokoll
027/16	Klage på vedtak i Levekårsutvalet - søknad om annan skulestad
028/16	Søknad om annan skulestad enn nærskulen
029/16	Endring av vedtekter for SFO i Lindås kommune
030/16	Høyring - Kvalitetsplan for oppvekst 2016 - 2028

### **025/16: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent

### **26.04.2016 LEVEKÅRSUTVALET**

Ingen merknader.

Samrøystes.

### **LE - 025/16 VEDTAK:**

Ingen merknader.

---

### **026/16: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent

### **26.04.2016 LEVEKÅRSUTVALET**

Møteprotokoll frå møte 15.03.2016 vert godkjent.

Samrøystes.

**LE - 026/16 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå møte 15.03.2016 er godkjent.

---

**027/16: Klage på vedtak i Levekårsutvalet - søknad om annan skulestad**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Klagen og søknaden er vurdert på nytt . Eleven får ta til i 1. trinn ved Knarvik barneskule hausten 2016. Vedtaket gjeld for eitt skuleår. Foreldra må sjølve syte for skuleskyss og bere kostnaden med den.

**26.04.2016 LEVEKÅRSUTVALET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**LE - 027/16 VEDTAK:**

Klagen og søknaden er vurdert på nytt . Eleven får ta til i 1. trinn ved Knarvik barneskule hausten 2016. Vedtaket gjeld for eitt skuleår. Foreldra må sjølve syte for skuleskyss og bere kostnaden med den.

---

**028/16: Søknad om annan skulestad enn nærskulen**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Søknad om skulestad Knarvik barneskule vert ikkje imøtekomen, og skulestad vert Alversund skule frå august 2016.

## **26.04.2016 LEVEKÅRSUTVALET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **LE - 028/16 VEDTAK:**

Søknad om skulestad Knarvik barneskule vert ikkje imøtekomen, og skulestad vert Alversund skule frå august 2016.

---

### **029/16: Endring av vedtekter for SFO i Lindås kommune**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Vedtektena for Skulefritidsordning i Lindås kommune blir justert med følgjande endring i § 7:  
Opphaldstid, 2. setning, vedkomande heilårstilbod: På følgjande barneskular vert det gjeve  
heilårstilbod med etterhald om minst 10 påmelde innan 1.5: Lindås, Leiknes, Knarvik/Alversund og  
Seim.

## **26.04.2016 LEVEKÅRSUTVALET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **LE - 029/16 INNSTILLING:**

#### **Innstilling i Levekårsutvalet - 26.04.2016:**

Vedtektena for Skulefritidsordning i Lindås kommune blir justert med følgjande endring i § 7:  
Opphaldstid, 2. setning, vedkomande heilårstilbod: På følgjande barneskular vert det gjeve  
heilårstilbod med etterhald om minst 10 påmelde innan 1.5: Lindås, Leiknes, Knarvik/Alversund og  
Seim.

---

### **030/16: Høyring - Kvalitetsplan for oppvekst 2016 - 2028**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028 – Kommunedelplan gjeldande frå haust 2016 blir sendt på høyring. Høyringsperiode er sett til 30.april-11.juni 2016.

## **26.04.2016 LEVEKÅRSUTVALET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **LE - 030/16 VEDTAK:**

Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028 – Kommunedelplan gjeldande frå haust 2016 blir sendt på høyring. Høyringsperiode er sett til 30.april-11.juni 2016.

---

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Formannskapet	PS	
	Kommunestyret	PS	
034/16	Levekårsutvalet	PS	24.05.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Terese Folgerø	15/4246

## Plan for auka busetting av flyktningar i Lindås kommune

32T

Plan for auka busetting av flyktningar i Lindås kommuneDelplan for utvidet tiltak einslege mindreårige flyktningar 09.05.2016

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret vedtar «Plan for auka busetting av flyktningar i Lindås kommune 2016-2019» med «Delplan for arbeidet med busetjing av einslege mindreårige flyktningar i Lindås kommune 2016-2019».

Dette inneber å busette 23 fleire flyktningar i 2016 enn det som er budsjettert, og deretter respektive 31, 41 og 43 fleire flyktningar enn det som var planlagd i kvart av dei tre neste åra. Desse tala inkluderer ikkje einslege mindreårige flyktningar.

Både i 2016 og i 2017 vil Lindås kommune busette 10 einslege mindreårige flyktningar under 15 år, i nyopprettu bufellesskap.

### Saksopplysningar:

Saka skal til uttale i Levekårsutvalet

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjera i Kommunestyret

Saksutgreiinga framgår av «Plan for auka busetting av flyktningar i Lindås kommune 2016-2019» med «Delplan for arbeidet med busetjing av einslege mindreårige flyktningar i Lindås kommune 2016-2019». Plan og delplan følgjer som eige dokument.

# **Plan for auka buseetting av flyktingar i Lindås kommune**

**2016-2019**

## Innhald

<b>1 Innleiing.....</b>	<b>3</b>
1.1 Resultatmål - hovudprosjekt .....	4
1.2 Effekt- og gevinstmål - hovudprosjekt .....	4
1.3 Mål for plan for busetting av flyktningar i Lindås kommune 2016-2019 .....	4
1.4 Omgrep .....	5
<b>2 Bakgrunn .....</b>	<b>6</b>
<b>3 Kommunen sine oppgåver.....</b>	<b>6</b>
3.1 Introduksjonsprogram 18-55 år .....	6
3.1.1 Introduksjonsstønaden.....	7
3.1.2 Kvalifiseringstilbodet .....	7
3.2 Einslege mindreårige flyktningar .....	7
3.3 Opplæring .....	8
3.3.1 Barnehage.....	8
3.3.2 Elevar i alderen 6-16 år.....	8
3.3.3 Unge/vaksne i alderen 16-24 år .....	8
3.3.4 Vaksne som har fylt 25 år.....	9
3.3.5 Språkpraksis.....	9
3.4 Helsetenester .....	9
3.5 Bustad.....	9
3.6 Kultur og fritid .....	10
<b>4 Økonomi.....</b>	<b>10</b>
<b>5 Kva må til for å busette 240 flyktningar i perioden 2016-2019? .....</b>	<b>12</b>
5.1 Barnehage.....	12
5.2 Grunnskule.....	12
5.3 Vaksenopplæring.....	13
5.4 Barnevern .....	14
5.4.1 Saksutgreiing .....	14
5.4.2 Tiltak .....	14
5.5 NAV .....	14
5.5.1 Behov for utvida tid med økonomisk støtte.....	14
5.5.2 Raskare overgang til arbeid – bruk av statlege tiltak og virkemidlar ..	15
5.6 Gjennomgå og forbetre system for språk- og arbeidspraksisplassar.....	15
5.7 Bustad.....	15
<b>6 Organisering av tenester til flyktningar.....</b>	<b>16</b>
6.1 Generelt .....	16
6.2 Organisering av mottak av einslege barn under 15 år.....	17
6.3 Organisering og tilrettelegging av det frivillige arbeidet .....	17
6.4 Organisering av helsetenester til flyktningar og andre migrantar .....	17
6.4.1 Helsetenester til bebuarar i asylmottak .....	17
6.4.2 Helseplager som ein oftare finn hos asylsøkarar, flyktningar og familieinnvandrarar enn hos den befolkninga elles .....	18

6.4.3	Tuberkulose .....	18
6.4.4	Tannhelseteneste .....	18
6.4.5	Etablering av Helseteam for migrantar: «Migrahelse» .....	18
<b>7</b>	<b>Erfaringar med busetting og forslag til tal for busetting i perioden 2016-2019.....</b>	<b>19</b>
<b>7.1</b>	<b>Erfaringar med busetting av flyktingar i Lindås kommune .....</b>	<b>19</b>
7.1.1	Butiltak for einslege mindreårige flyktingar .....	19
7.1.2	Andre tiltak for flyktingar .....	19
<b>7.2</b>	<b>Forslag til auka tal flyktingar i perioden 2016-2019 .....</b>	<b>21</b>
7.2.1	Drift av bufellesskap for einslege mindreårige flyktingar (15 år og yngre) .....	21
7.2.2	Auka busetting av flyktingar i åra 2016-2019.....	21

## 1 Innleiing

Kommunestyret handsamar plan og gjer vedtak om omfang av busetting av flyktingar for den komande 4 årsperioden i starten av ein valperiode. Utarbeidning av plan for busetting av flyktingar har vært organisert som eit forprosjekt. Forprosjektet danner grunnlag for

hovudprosjektet som er å gjøre organisasjonen i stand til å ta imot det tal flyktningar kommunestyret gjør vedtak om.

I brev datert 20.11.15 frå Fylkesmannen i Hordaland blir Lindås kommune bedt om å ta i mot 55 flyktningar i 2016 der minst 20 er einslege barn og unge. Vidare er Lindås kommune bedt om å ta i mot 63 flyktningar i 2017 der minst 32 er einslege barn og unge. Tala tar utgangspunkt i eit totalt busettingsbehov på 18 000 i 2016 og 21 000 i 2017 i Norge.

Fylkesmannen ber om at det ikkje blir fatta vedtak som inkluderer familieinnvandring eller som ikkje gjer det mogleg å gjennomføre busettingsarbeidet. UDI har rekna ut at for kvar flyktning som får opphold i Norge, får vi i snitt 0,5 flyktningar ekstra på grunn av familieinnvandring.

Det skal takast omsyn til familieinnvandring når ein fastset talet for årleg mottak i Lindås kommune

### **1.1 Resultatmål - hovudprosjekt**

- 1) Lindås kommune skal busette inntil 240 flyktningar i perioden 2016 – 2019.
- 2) Av det totale talet skal kommunen til ei kvar tid ha busett 20 einslege mindreårige flyktningar.
- 3) Lindås kommune sine einingar og avdelingar tar i mot flyktningar i eigna språkpraksis. Vi tar i mot 80% av dei med behov for slik praksisplass.
- 4) Lindås kommune brukar frivillige i arbeidet med å ta i mot og integrere nyss komne flyktningar i lokalsamfunna. Som kommunalt tilsette skal vi vere aktive i å delta på arrangement som fremmer samhandling mellom dei som kjem til kommunen og dei som bur her frå før.

### **1.2 Effekt- og gevinstmål - hovudprosjekt**

- 1) Vaksne blir aktive innbyggjarar i kommunen og kjem i arbeid og aktivitet i løpet av integreringsperioden. Barn og unge gjennomfører skulegang og utdanning.
- 2) Ein betre og raskare integreringsprosess gjennom systematisk bruk av flyktningane sine eigne erfaringar.
- 3) Effektiv bruk av faglege og administrative ressursar i samband med busettingane.
- 4) Heilskap og tverrfagleg samarbeid einingar og avdelingar i mellom.

### **1.3 Mål for plan for busetting av flyktningar i Lindås kommune 2016-2019**

Planen skal vise kva som må til for å kunne gjennomføre ei busetting av 240 flyktningar, Planen skal foreslå endeleg tal busette i perioden.

Planen skal legge til rette for mottak av flyktningar i tråd med resultat og effektmål i hovudprosjektet.

Planen skal:

- 1) kartlegge omfang og ressursbehov frå vaksenopplæring, barnevern, NAV, bustadkontor og frivillige.
- 2) gjennomgå og forbetre system for språk- og arbeidspraksisplassar.
- 3) organisering og tilrettelegging av det frivillige arbeidet.

- 4) legge til rette for utarbeiding av rutinar mellom NAV, bustadkontoret og oppvekst ved busetting av barnefamiliar
- 5) vurdere behov for helsetenester til flyktningar (tverrfagleg helseteam). Vurderinga skal også omfatte helsetenester til asylsøkjarar og eventuelle arbeidsinnvandrarar. Organisering av helsetenestene skal også vera ein del av vurderinga.
- 6) Foreslå overordna organisering av flyktningarbeidet

Planen inkluderer busetting av einslege mindreårige under 15 år. (Busettingsansvaret for dette er lagt til BUF-etat.)

#### **1.4 Omgrep**

**Asylsøkarar** er menneske frå andre land som søker om vern i Norge gjennom asylinstituttet. Asylsøkarar bur i asylmottak mens dei venter på å få sin søknad behandla. Einslege mindreårige asylsøkarar er barn og unge under 18 år som kommer til Norge utan foreldre eller andre med foreldreansvar. I Lindås kommune har det tidlegare ikkje vært asylmottak, men frå 2016 er det oppretta eit asylmottak for einslege mindreårige asylsøkarar i regi av Norsk Mottaksdrift A/S etter avtale med UDI.

**Flyktning** er den som ifølge Utlandingsdirektoratets flyktningregister har flyktningstatus og har fått lovleg opphold i Norge. Hovudsakleg busettas flyktningar etter opphold i asylmottak. eller ved direktebusetting frå flyktningleir.

**Overføringsflyktning** (FN-flyktning, kvoteflyktning) kommer til Norge direkte frå ein flyktningleir.

**Einslege, mindreårige flyktningar.** Med einslege mindreårige flyktningar meinas einsleg mindreårige utan foreldre eller andre med foreldreansvar som er gitt lovleg opphold og skal busettas i ein kommune.

**Familieinnvandring:** Personer som bur i Norge kan søke om opphold for personer i utlandet som dei er, eller skal bli i familie med. Den som får lovleg opphold av UDI med heimel i vilkåra for familieinnvandring, kan blant anna ha krav på deltaking i introduksjonsprogrammet.

**Innvandrar** er ein person som flytter til eit anna land med sikte på varig opphold. I statistikk i Norge er innvandrar ein person som bur fast i landet og som har to utanlandsfødde foreldre. Dette kan vere personer som har innvandra til Norge, og personer som er født i Norge med to foreldre som er født i utlandet.

**Migrantar** er dei som bur i eit anna land enn der dei er fødde

**UDI** er Utlandingsdirektoratet

**IMDi** er Integrerings- og mangfoldsdirektoratet

## 2 Bakgrunn

I verda er 214 millionar menneske internasjonale migrantar. Dette utgjer omtrent 3 prosent av verdas befolkning på 7 milliardar. Dei aller fleste har forlate heimlandet sitt for å betre livssituasjonen for seg sjølv og familien gjennom arbeid eller utdanning, eller for å leve saman med andre familiemedlemmer. Ein relativt liten del av migrantane, 7-8 prosent, er menneske som har flykta til eit anna land for å sleppe unna undertrykking, vold eller naturkatastrofar.

Dei siste prognosane frå UDI syner at det er behov for å busetje fleire flyktningar enn tidlegare venta, fordi eit auka tal asylsøkarar frå konfliktområde kjem til Norge.

Busetjing av flyktningar er ei permanent kommunal oppgåve. Busetjingsarbeidet må gå inn i faste og planlagde former, basert på fleirårige vedtak og plantal, på same vis som andre kommunale oppgåver.

Det er eit prinsipp at flyktningar skal busetjast i kommunar over heile landet. Kommunen må ha eit tilpassa tenestetilbod, derunder introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap til dei som vert busette, slik at dei kan komme i arbeid eller gå vidare til kvalifisering og utdanning.

Busetjing av flyktningar er ikkje berre ei humanitær oppgåve. Flyktningar utgjer og ein ressurs for kommunen. Gjennom gode kvalifikasjonsprogram kan kommunar skreddarsy kompetanse som det lokale arbeidslivet treng.

## 3 Kommunen sine oppgåver

Flyktningar som har fått opphold i Norge skal busettas i ein kommune. IMDi har ansvaret for å finne ein eigna busettingskommune. For kommunane er busetting av flyktningar ein frivillig oppgåve, og det er kommunestyrrene som vedtar kor mange flyktningar de ønskjer å busette.

Arbeidet med einslege, mindreårige flyktningar blir regulert av [barnevernlova](#).

Formålet med denne lova er

- å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid,
- å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Arbeid med vaksne flyktningar (18 - 55 år) og målgruppas rettigheter og plikter, blir regulert av [introduksjonslova](#). Formålet med denne lova er å styrke nykomne innvandrars mulighet for deltaking i yrkes- og samfunnsliv, og deira økonomiske sjølvstende.

### 3.1 Introduksjonsprogram 18-55 år

For å styrke flyktningars muligheter for deltaking i yrkes- og samfunnslivet samt deira økonomiske sjølvstende har nykomne flyktningar og familieinnvandrarar mellom 18 og 55 år rett og plikt til å delta i eit introduksjonsprogram. Verkemidla er kvalifisering på heiltid og økonomisk støtte i form av introduksjonsstønad. Introduksjonsprogrammet skal som

hovudregel vare i inntil to år, men kan i enkelte tilfelle forlengast til tre år.

Alle som deltar i eit introduksjonsprogram har rett til ein individuell plan. Planen skal si noe om den enkelte deltakarens hovudmål, tiltak/aktivitet, tidsperiode for kvalifiseringa - og kven som har ansvar for å gjøre kva, når og korleis. Planen skal i størst mulig grad ta omsyn til den enkeltes kompetanse og ønske for å nå sitt hovudmål.

### **3.1.1 Introduksjonsstønaden**

Størrelsen på introduksjonsstønaden er to gonger [folketrygdens grunnbeløp](#) (2G) på årsbasis. Stønaden for dei under 25 år er 2/3 av 2G. Introduksjonsstønaden betales etterskotsvis og etter mottatt timeliste. Det betales skatt av introduksjonsstønaden. Deltakaren har rett til å arbeide utanfor programtida på kvardagar, og i helgene. Lønna arbeid kan og vere ein del av programmet.

### **3.1.2 Kvalifiseringstilbodet**

Kva kvalifiseringsopplegg som blir tilbydd vil variere etter behovet hos den enkelte flyktning og dei avtaler som er inngått med samarbeidspartnarar som Vaksenopplæringa, arbeidsgivarar, kursarrangørar og NAV. Det blir utarbeidd ein individuell kvalifiseringsplan.

#### **3.1.2.1 Hovudlinjene i kvalifiseringstilbodet**

##### **3.1.2.1.1 Fase 1 Norsk med samfunnskunnskap**

Norskopplæring for vaksne innvandrarar er eit viktig tiltak i arbeidet med integrering. I startfasen skal norskopplæringa byggas opp med samfunnskunnskap og andre kvalifiserande tiltak i ein 37,5 timars uke. NAV og Vaksenopplæringa samarbeider om tiltaka.

##### **3.1.2.1.2 Fase 2 Norsk med praksis**

Etter å ha nådd eit visst nivå i norskopplæringa skal deltakarane kombinere teoretisk norskopplæring i klasserommet med praktisk norsk og språkpraksis på eit vanleg arbeidssted. Denne praksisen skal så langt det er mulig vere tilpassa den enkelte deltakars bakgrunn, fortettingar og framtidige planer. I praksisen skal det vere pedagogisk oppfølging og rettleiing frå Vaksenopplæringa.

##### **3.1.2.1.3 Fase 3 Yrkesretta eller utdanningsretta tiltak**

Ein vidare progresjon i introduksjonsprogrammet kan vere praksisplass fem dagar i veka.

Utdanningsretta tiltak vil kunne vere skuleretta fag på Vaksenopplæringa: grunnleggande ferdigheter innanfor fagområder, eksamensretta grunnskoleutdanning eller andre relevante utdanningstiltak knytt til den enkeltes individuelle plan

## **3.2 Einslege mindreårige flyktningar**

Einslege mindreårige flyktningar er barn og ungdom under 18 år, som kommer til Norge utan å ha følgje av foreldre eller noen med foreldreansvar, og som får godkjend beskyttelse (asyl).

Dei aller fleste einslege mindreårige flyktningar har behov for voksenpersoner rundt seg som kan gi dei tryggleik, omsorg og rettleiing. Dette inneber at kommunen bør etablere bu- og omsorgstilbod slik at barnet får gode oppvekstvilkår.

Bufetat busett einslege mindreårige flyktningar under 15 år, mens IMDi har ansvaret for å

busette dei over 15 år.

Lindås kommune har god erfaring med busetting av barn under 15 år, og ein delplan for arbeidet med bersetjing av enslege mindreårige flyktningar i Lindås kommune 2016-2019 ligg ved denne hovudplanen.

### 3.3 Opplæring

#### 3.3.1 Barnehage

Barnehagelova § 12a seier at «*Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter. Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt*»

#### 3.3.2 Elevar i alderen 6-16 år

Hovudregelen er at alle barn og unge som oppheld seg i Norge har rett og plikt til grunnskuleopplæring, jf. Opplæringslova § 2-1. «*Retten til grunnskuleopplæring gjeld når det er sannsynleg at barnet skal vere i Noreg i meir enn tre månader. Plikta til grunnskuleopplæring byrjar når opphaldet har vart i tre månader*».

Opplæringslova § 2-8 Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar, seier at elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Morsmålsopplæringa kan leggjast til annan skule enn den eleven til vanleg går ved.

Kommunen skal kartleggje kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. Slik kartlegging skal også utførast undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring etter føresegna, som grunnlag for å vurdere om elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.

Kommunen kan organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i eigne grupper, klassar eller skolar. Dersom heile eller delar av opplæringa skal skje i slik gruppe, klasse eller skule, må dette fastsetjast i vedtaket om særskild språkopplæring. Vedtak om slik opplæring i særskilt organisert tilbod kan berre gjerast dersom dette er rekna for å vere til beste for eleven. Opplæring i særskilt organisert tilbod kan vare inntil to år. Vedtak kan berre gjerast for eitt år om gongen. I vedtaket kan det for denne perioden gjerast avvik frå læreplanverket for den aktuelle eleven i den utstrekning dette er nødvendig for å vareta eleven sitt behov. Vedtak etter dette ledet krev samtykkje frå elev eller føresette.

#### 3.3.3 Unge/vaksne i alderen 16-24 år

Dei unge/vaksne kan ha rett til:

- Vidaregåande opplæring etter opplæringslova kapittel 3, «ungdomsretten».
- Grunnskuleopplæring etter opplæringslova §4A-1, eventuelt § 4A-2.

Dersom minoritetsspråkleg ungdom ikkje har rett til vidaregåande opplæring, vil ungdommen likevel kunne ha rett til grunnskuleopplæring for vaksne etter opplæringslova § 4A-1, eventuelt også § 4A-2. Denne retten omfattar alle unge og vaksne frå 16 år som treng grunnskuleopplæring uansett årsak. Som hovudregel skal opplæringa omfatte dei faga ungdommen treng for å få vitnemål for fullført grunnskule. Kommunen kan søkje om tilskot til grunnskuleopplæring for ungdom i alderen 16-18 år dersom dei oppfyller vilkåra for å få grunnskuleopplæring etter opplæringslova § 4A-1, eventuelt § 4A-2.

### 3.3.4 Vaksne som har fylt 25 år

Opplæringslova § 4A-1første ledd lyder: «*Dei som er over opplæringspliktig alder, og som treng grunnskuleopplæring, har rett til slik opplæring, så langt dei ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1. Retten omfattar til vanleg dei faga ein treng for å få vitnemål for fullført grunnskuleopplæring for vaksne. Opplæringa skal tilpassast den enkelte.*»

### 3.3.5 Språkpraksis

Språkpraksis i offentlig eller privat bedrift er eit av kvalifiseringstiltaka for deltakarar på introduksjonsprogrammet. Ein utfordring er å få nok og eigna arbeidsplasser til å ta i mot flyktningar i slik praksis. Det er naudsynt at dei ulike einingane i kommunen tar inn flyktningar og på den måten bidra til god språktrening, kjennskap til arbeidslivet, nettverksbygging og integrering

## 3.4 Helsetenester

Ansvaret for helseteneste til flyktningar, familieinnvandrarar og asylsøkarar i kommunar går fram av helse- og omsorgstenestelova. Kommunen skal sørge for nødvendig helseteneste til alle som bur, eller oppheld seg mellombels i kommunen (§3-1). Såleis har kommunen primæransvaret for at busette flyktningar, familieinnvandrarar og asylsøkarar i statlege mottak får dei helsetenester dei har krav på etter loven. På lik linje med alle innbyggjarar, har flyktningar, familiegjenforeina og asylsøkarar rett til å stå på ein fastlegelist.

Flyktningar og familieinnvandrarar i Lindås kommune får i dag lovpålagd tuberkuloseundersøking i regi av den ordinære helsestasjonen, og ein av fastlegane følgjer opp svaret på røntgenundersøkingane og blodprøvar

Alle barn skal ha tilbod i helsestasjon.

## 3.5 Bustad

Ved at kommunen vedtar å ta i mot flyktningar følgjer det automatisk eit ansvar for å skaffe bustad for dei flyktningane som kommunen tar i mot etter avtale med IMDi. Ansvaret gjeld bare for den første bustaden. Den må ligge slik til at det bidrar til integrering i lokalsamfunnet, og det må takast omsyn til skuleveg, og kapasitet på nærskulen. Etter kvart kan den einskilde flyktning/familie finne ein bustad dei sjølv har sett seg ut, anten for å leie eller kjøpe.

Deltakarar i introduksjonsprogrammet har rett på bustøtte frå Husbanken. Husbanken har

fleire ordningar for å bidra til at kommunane kan handtere utfordringane med å skaffe bustad for flyktningar. Dette er i tråd med regjering sin ["Bolig for velferd-Nasjonal strategi for boligsosialt arbeid \(2014–2020\)"](#)

Husbanken har etablert et forpliktande samarbeid med IMDi. Dei tilbyr startlån, tilskot til etablering og bustøtte. Oppmyking av regelverket de seinare år for tilskot til også å gjelde private utleigebustader (for framleige til flyktningar) har gjort det mulig for både kommunar og private aktørar å få dekket inn til 40 % av sine kostnader ved bygging av bustader til flyktningar.

### **3.6 Kultur og fritid**

Lag/organisasjonar ei viktig bærebjelke i det norske samfunn. Gjennom deltaking i organisasjonslivet styrkar ein sosiale band, formidlar lokalt engasjement og gir trening i politisk- og demokratisk deltaking. Å delta i frivillige lag/organisasjonar er ei viktig nøkkel for å opne «den norske dør» og på den måten bli inkludert i det norske samfunnet.

Lindås kommune har tatt imot mange flyktningar tidlegare år. Ut frå eigne erfaringar kan desse vere ein ressurs i arbeidet med å utvikle treffsikre tiltak retta mot nye flyktningar, samt å involvere og inkludere desse i samfunnet.

Dugnadsand og felles innsats er ein viktig del av livet i Norge. Denne tradisjonen er framand og ukjend for mange flyktningar som kjem til landet, og det kan stå i vegen for integrering. Deltaking i lag/organisasjonsliv er ei viktig del av «nettverksbygging» i samfunnet. Fritidsarenaen er ein plass der flyktningar kan få språktrening, få kunnskap om livet i Norge og kunne delta i eit fellesskap. Derfor er det viktig at flyktningar deltar på fritidsaktivitetar på lik linje med andre nordmenn.

Kultur er eit verkemiddel for integrering i samfunnet, og det er derfor viktig å ta vare på det kulturelle perspektivet på alle samfunnsområder. Kulturen bidreg til innsikt, velferd og utvikling av heile mennesket, og er eit bærande element i lokalsamfunnet, ein felles møtestad og ein arena for livslang læring.

## **4 Økonomi**

Ifølge IMDi skal integreringstilskotet bidra til at kommunane gjennomfører eit planmessig og aktivt busettings- og integreringsarbeid, med siktet på at dei busette skal komme i jobb og greie seg sjølve. Tilskotet skal dekke kommunanes gjennomsnittlege utgifter ved busetting og integrering i busettingsåret og dei fire neste åra ([www.imdi.no/tilskudd](http://www.imdi.no/tilskudd)). Tilskotet er innretta slik at førsteårstilskotet utbetalas for eit heilt år, uavhengig av når på året flyktningen blir busett. Sidan tal busette varierer frå år til år, og flyktningane sitt ressursar varierer i forhold til kor tidleg dei blir økonomisk sjølvstendige, skaper dette store svingingar i økonomien, og varierande regnskapsresultat frå år til år. Det krev tett oppfølging og tilpassing av aktivitetane for at inntektene balanserer utgiftene. Blant anna gjelder dette tilpassing av tal bustader til

tidspunkta for busettingane gjennom året.

Når det gjeld tilbodet i kommunens tenesteapparat som er etablert særskilt for målgruppa dei fem første åra etter busetting, kan dette dokumenteras og i hovudsak er utgiftene tilpassa inntektene. Det vil vere eit komplisert regnestykke når det gjelder andre tenestetilbod som betener heile befolkninga som også flyktingane nytter seg av. Dert same gjeld kostnader til gruppa etter 5 årsperioden. Ein annan utfordring er fordelinga av integreringstilskotet når flyktningarbeidet er organisert i ulike einingar og sektorer.

Det er naturleg å sjå fordeling av integreringstilskot i samband med organisering av Flyktningetenesta

## **5 Kva må til for å busette 240 flyktningar i perioden 2016-2019?**

### **5.1 Barnehage**

Barn med anna morsmål enn norsk treng støttepersion rundt seg den første tida i barnehagen. Dette for å sikre barnet ein trygg barnehagekvardag som inkluderer det å kunne kommunisere på sitt eige morsmål. Ein slik støttepersion kan vere ein som snakkar både norsk og morsmålet til barnet. Det er behov for ekstra ressursar til barnehagane for å etablere tiltaket.

For yngre barn er oftast leik og samhandling med andre barn den beste læringsarena for å tilegne seg norsk. Barnehagen må difor arbeide aktivt og systematisk for at barn med anna morsmål enn norsk skal lære seg både å forstå og uttrykkje seg på norsk. Lindås kommune er no i sluttfasen av prosjektet med å utarbeide ei handbok til støtte for barnehagane kring dette arbeidet. Prosjektet har kome til etter innspel frå barnehagane og er delvis finansiert av midlar frå Fylkesmannen i Hordaland. Handboka vil vere i bruk i barnehagane frå hausten 2016.

### **5.2 Grunnskule**

Lindås kommune har utarbeidd retningsliner for arbeidet med elevar med anna morsmål enn norsk. Desse ligg tilgjengeleg på heimesida til kommunen – Skule og utdanning - Rettar og retningsliner.

Den første tida elevar med anna morsmål enn norsk går på skule i Lindås kommune, kan det vere aktuelt å setje inn støtteperson/tolk tilsvarande som i barnehagen. Dette blir vurdert ut frå eleven sine behov, og kan bli praktisert ulikt frå tilhøve til tilhøve. Ein eldre elev som er trygg på seg sjølv og som meitrar engelsk godt vil t.d. stå mykje sterkare til å meistre overgangen til norsk skule ein meir usikker elev som ikkje meistrar andre språk enn morsmålet.

Elevar med anna morsmål enn norsk har etter opplæringslova § 2-8 rett til særskild norskopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. I praksis betyr dette at desse elevane får delar av opplæringa i gruppe utanom den klassen dei hører til eller at det er ein ekstra vaken med i klasserommet for å støtte eleven i læringsarbeidet. Etter gjennomført kartlegging er det rektor ved skulen som definerer eleven sine rettar og tiltak i eit enkeltvedtak. Rektor fattar også enkeltvedtak når kartlegginga syner at eleven har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å kunne følgje den ordinære opplæringa. Det er behov for ekstra ressursar til grunnskulen for å etablere tiltaket.

Etter opplæringslova § 2-8 har denne elevgruppa om nødvendig også rett til morsmålsopplæring. Morsmålsopplæringa kan leggjast utanom den ordinære skuletida og ved ein annan skule enn der eleven går til vanleg. Det er rektor som fattar vedtak om morsmålsopplæring. Organisering og stad for denne opplæringa vil bli vurdert opp mot alderen til eleven, transport, andre elevar med tilsvarande opplæring samt tilgang på morsmålslærar i kommunen. Det er behov for ekstra ressursar til grunnskulen for å etablere tiltaket.

Det er framandspråklege barn på alle grunnskulane i Lindås, unntake to. Det er flest på Lindås barneskule, og færrest på skulane i Ostereidet ungdomsskulekrins. Skulane på Ostereidet, har kapasitet til fleire elevar.

Det er knytt særskilde utfordringar til opplæringa av elevar som kjem til landet på slutten av grunnskuleløpet. Dei har svært dårlig tid på seg til å lære både norsk og andre grunnskulefag godt nok til å komme seg vidare i utdanninga.

Det er vanskeleg å få lærarar til tospråkleg fagopplæring eller tolkar. Det er naudsynt med god lærarkompetanse på alle skular.

Med auka tal som skal busettasi Lindås kommune kan det vurderast å etablera ein eigen mottaksklasse ved skular som har eller får mange elevar og som har nok rom. I Knarvik kan det vere aktuelt å ha ein mottaksklasse knytt til barneskulen og ein til ungdomsskulen. Det kan vurderas om ein skal samarbeide med nabokommunar om slike klassar.

### 5.3 Vaksenopplæring

Vaksenopplæringa gir tilbod til ulike elevgrupper og elever frå fleire kommunar.

- Elevar i Introduksjonsprogram (Norskopplæring + språkpraksisplass eller grunnskole for vaksne). Dei har rett og plikt til norskopplæring
- Andre elevar som har rett og plikt til norskopplæring (som ofta personar som er gift med norsk statsborgar)
- Elevar som har plikt til norskopplæring (ofte borgarar utanfor EØS som er kvalifisert arbeidskraft til type jobbar der Noreg manglar arbeidskraft)
- Elevar som er arbeidsinnvandra til Noreg (EØS-borgarar)

Det blir gitt ulike norskkurs, grunnskuleopplæring for dei over 16 år, og kurs i arbeidsorientering.

Elevar byrjar og sluttar gjennom heile skuleåret. Dette gjer det vanskeleg å planleggje stillingsressursar. Innvandrarane har ulik utdanningsbakgrunn, språk og kultur. Noen er analfabetar, mens andre har mykje skulgang frå tildegare.

Det er naudsynt med gode samarbeidsrutinar mellom etatar (NAV (flyktningstenesta) / ordinær grunnskule / vidaregåande skule / Hordaland fylke / IMDI / andre vaksenopplæringsentre)

Eit auka tal flyktningar gjer at ein treng større lokalar og fleire tilsette.

## 5.4 Barnevern

Eit auka tal flyktningefamiliar vil kunne føre til auka behov for barnevernet sine tenester, og barnevernet må ha særskild kompetanse i møte med desse familiene.

### 5.4.1 Saksutgreiing

Erfaringar i Lindås kommune til no er at mange av desse barnefamiliane vert melde til barnevernet. Eit auka tal flyktningefamiliar med barn under 18 år kan derfor føre til auke i saksutgreiingar.

Utgreiing av desse sakene er alltid krevjande då det er språk- og kulturutfordringer, barn og/eller vaksne med ein belastande historie og ofte store skader/traumar både hos vaksne og barn. Dette gjer sakene ressurskrevjande både når det gjeld tidsbruk og ekstra utgifter til mellom anna tolketenester. Det er og naudsynt med særskild kompetanse hos sakshandsamar.

Statistikk både lokalt og nasjonalt fortel at spørsmål om å overta omsorg kjem opp i ein større del av saker der familien er flyktningar. Alle saker der slike spørsmål kjem opp krev store ressursar då dei fordrar bruk av advokatar, arbeid knytt til saksframstilling, og ikkje minst særskild trygging og oppfølging av barn og vaksne. Dersom det og blir ei auking av vedtak/dom om omsorgsovertaking, er det forventa ei auking i utgifter knytt til tal på barn under omsorg.

### 5.4.2 Tiltak

Det er alltid eit mål innan barnevernet å hjelpe barnet/ungdommen i familien. Barnevernet ser det som særskilt viktig å kunne tilby verksame tiltak til flyktningefamiliene.

Ei auking av familiar med flyktningebakgrunn kan føre til ei auking i *kompensatoriske tiltak* frå barnevernet. Kompensatoriske tiltak er: barnehage, leksehjelp, fritidsaktiviteter, støttekontakt, besøksheim og liknande, og krev alle ei økonomisk yting. Støttekontaktar og besøksheimar krev i tillegg Oppdragsavtalar med lønn.

Vi veit ut frå erfaring at *omsorgsendrande tiltak* ofte er naudsynt. Omsorgsendrande tiltak er ulike former for foreldrerettleiing. Når det gjeld framandkulturelle foreldre er det i slik samanheng nokre tilnærmingar som syner seg meir verksame enn andre. Barnevernet si Familierettleiingsgruppe har i dag ikkje tilstrekkeleg kompetanse i form av meritterande kurs/lisensar til å drive slike arbeid evidens- /kunnskapsbasert. Ein ser dermed at Familierettleiingsgruppa vil vere i behov av auka kompetanse. Dette er et behov uavhengig av talet på familiar, men kor mange av veiledarane ein treng kompetansebyggje og behovet for totalt tal på veiledarar vil vere avhengig av tal på tilmelde familiar.

## 5.5 NAV

Eit auka tal flyktningar vil føre til auka behov for NAV sine tenester på fleire områder

### 5.5.1 Behov for utvida tid med økonomisk støtte

Det er ein del flyktningar som er ferdige med introduksjonsprogrammet og likevel manglar kompetanse, språk og ferdigheter til å kunne gå vidare i utdanningsløp eller i arbeid. For desse kan programmet utvidas med eitt år og i fleire tilfelle har kommunen sitt Kvalifiseringsprogram blitt brukt for å gjere det mulig å gå vidare i jobb/utdanning eller over

på statlege tenester som praksisplass, tiltak eller arbeidsavklaringspengar. For nokre blir det også aktuelt med uføretrygd. I Kvalifiseringsprogrammet får ein same støtteordningar som under introduksjonsprogrammet.

Med fleire flyktningar har det dei siste åra blitt fleire som blir «verande att» i sosialstøtte grunna låge inntekter, låg kompetanse og svak tilknyting til arbeidslivet. Det er ein høgare del av flyktningane som ikkje klarar seg sjølv økonomisk enn av normalbefolkinga elles.

### **5.5.2 Raskare overgang til arbeid – bruk av statlege tiltak og virkemidlar .**

Rask integrering i vanleg arbeidsliv gir det beste grunnlaget for overgang til sjølvstende og aktivt liv i samfunnet. For lange periodar på tilrettelagde tiltak kan bidra til «innlåsing» i stønadssrolla.

Flyktningar må få bistand til å bruke nettsida til NAV, til å lage CV og bruke internett til jobbsøk. Mange treng støtte i form av intervjuutrening, dei treng praksisplassar og oppfølging på arbeidsplassen.

### **5.6 Gjennomgå og forbetre system for språk- og arbeidspraksisplassar.**

Å ha ein eigna språkpraksisplassar er ein viktig del av introduksjonsprogrammet. Dei siste åra har det vore ei utfordring å finne slike plassar. Einingane i Lindås kommune må ta inn i årsplanane sine at dei kan tilby slike plassar i tråd med vedteken plan om 80% dekking i kommunal verksemd, og peike ut eigna fadder på arbeidsplassen. Flyktningetenesta må elles samhandle med det ordinære arbeidslivet om å finne slike plassar og gjere seg nytte av NAV sin marknadskompetanse.

### **5.7 Bustad**

Hittil har Lindås kommune leigd inn bustader frå private utleigarar, og så framleigd til flyktningar. Kommunen eig sjølv noen bustader som har blitt leid ut til flyktningar.

Når kommunen skal busette fleire flyktningar må arbeidet med å leige inn frå private utleigarar halde fram. I tillegg vil det vere føremålstenleg å kjøpe inn bustader som er plassert i nærleiken av kollektivtransport, barnehage- og skular.

Busetting av flyktningar og bustadframskaffing i kommunane er eit viktig satsingsområde for Husbanken i 2016. Husbanken gjev tilskot til kjøp av bustader og ein får grunnlån.

Nedbetalingstida er inntil 50 år. Fordeling lån / tilskott vert berekna ut frå kor stort lån husstanden kan betene ut frå si inntekt, inkludert bustøtte. Det er ingen fast «regel» om kor stort skal tilskottet vere. Erfaringa er at tilskottet variere mellom 28 % og 40 % av kjøpesummen.

## 6 Organisering av tenester til flyktningar

### 6.1 Generelt

I samband med NAV-reforma i 2009, blei ansvaret for introduksjonsprogrammet lagt til NAV. Med eit avgrensa tal flyktningar har flyktningane glidd inn i dei ordinære tenestene elles. Når det blir eit auka tal flyktningar, vi det vere tenleg å etablere ein definert flyktningteneste, som kan leie og koordinere det arbeidet som blir gjort i dei ulike einingane.

Det må leggas til rette for utarbeiding av rutinar mellom NAV, bustadkontoret og oppvekst ved busetting av barnefamiliar.


Ein kan sjå for seg tre ulike alternativ for korleis flyktningtenesta kan vere organisert når mottak av flyktningar aukar; Tenesta kan organiserast som eigen avdeling, eining eller kommunalt føretak (KF) / aksjeselskap (AS). Flora kommune er eit eksempel på ein kommune som har organisert flyktningtenesta som eit KF. Dette omfattar både mottak av flyktningar og eit asylmottak. For Flora kommune fungerer denne løysinga godt, men det samla omfanget av tenesta er mykje større enn det ein i første legg opp til i denne planen.

Lindås kommune har redusert tal einingsleiarar frå 21 til 13 dei to siste åra. Målet med dette er å gjøre einingsleiargruppa meir strategisk retta.

Slik Lindås kommune er organisert i dag er det mest føremålstenleg å organisera tenesta som ein eiga avdeling i NAV med avdelingsleiar.

Flyktningtenesta er avhengig av ein god samhandling med mange aktørar på tvers av kommuneorganisasjonen. Det må derfor etablerast eit fast møtepunkt mellom leiar av flyktningtenesta og leiarar for viktige samarbeidspartnarar.

Flyktningtenesta å vere godt koordinert med skule, barnehage, helseeinininga, bustadkontoret og kultur. Ein leiargruppe på tvers av den formelle linjeorganiseringa elles må etableras.



## **6.2 Organisering av mottak av einslege barn under 15 år**

Sjå eigen «Delplan for arbeidet med busetjing av enslege mindreårige flyktningar i Lindås kommune 2016-2019» (vedlegg).

## **6.3 Organisering og tilrettelegging av det frivillige arbeidet.**

Kombinasjonen av manglende informasjon om og manglende deltaking i frivillige aktivitet bidreg til at unge flyktningar brukar lengre tid på å bli integrert i det norske samfunnet.

Det kan vere ei utfordring for einslige vaksne flyktningar og flyktningfamiliar å ha økonomi til å delta i fritidsaktivitetar. Ein må ha fokus på praktiske løysingar i forhold til økonomi, transport og liknande.

Tiltak:

Informere nykomne flyktningar om kultur- og fritidstilbodet i kommunen.

Bidra til at flyktningar har arenaer der dei kan utøve eigne kulturelle aktivitetar.

Vurdere å tilsette ein frivilligkoordinator sjølv, eller samarbeide med Røde Kors om ein slik funksjon

## **6.4 Organisering av helsetenester til flyktningar og andre migrantar.**

Ansvaret for helsetenester til flyktningar, familiegjenforeina og asylsøkjarar i kommunar går fram av helse- og omsorgstenestelova. Kommunen skal sørge for nødvendig helse- og omsorgstenester til alle som bur eller oppheld seg mellombels i kommunen (§3-1).

Helsetenester til asylsøkarar, flyktningar og familieinnvandrarar har til no ikkje vært organisert systematisk i kommunen. Med eit aukande tal busetting av flyktningar, i tillegg til asylsøkarar, ser ein behov for å få betre oversikt over arbeidsfeltet og styrke samarbeidet med involverte utøvarar for å sikre eit helsetenestetilbod av god kvalitet. Frå 1.1.16 er det tilsett helsesøster i 40 % stilling som primært skal arbeide med lovpålagd smittevern retta mot dei aktuelle gruppene.

Det er ikkje systematiske helsemessige forskjellar mellom asylsøkarar, flyktningar og familiegjenforeina frå dei respektive opprinnelseslanda. Det er derfor føremålstenleg å etablere eit helsetenestetilbod som tar hand om alle desse gruppene. Særleg er det lovpålagde ansvaret for smittevernoppfølging samanfallande for dei som kjem til landet

### **6.4.1 Helsetenester til bebuarar i asylmottak**

Snarast mogeleg, og helst innan to veker etter at asylsøker har kome til ordinært mottak bør helsepersonell opprette kontakt og gjere ein første vurdering av helsetilstand og eventuelt behov for helsetenester. Helseundersøkinga bør skje snarast mogeleg, og helst innan to veker etter første kontakt og vurdering av helsa er gjennomført.

#### **6.4.2 Helseplager som ein oftare finn hos asylsøkarar, flyktningar og familieinnvandrarar enn hos den befolkninga elles**

Helsetilstanden må sjåast i samanheng med dei konkrete tilhøva som førte til flukt og oppbrott, kva geografisk område vedkommande kjem frå og dei erfaringar og utfordringar migrasjonen representerer for den enkelte. Mange kan ha vore utsett for tap av nære familiemedlemmer og venar, krig og andre traumatiske hendingar. Flyktningar har auka risiko smittevern for utvikling av helseplager som har samanheng med tilhøve før, under og etter flukt. Det må vere undersøkast for både på psykiske og somatiske lidingar, og det er oppgåver innan smittevern når det gjeld ein rekke sjukdommar, og tubekulosekontroll er lovpålagd.

#### **6.4.3 Tuberkulose**

Dei fleste tilfella av nyoppdaga tuberkulose er hos personar som er fødde i land med høy førekomst av tuberkulose, som har hatt «sovande» bakteriar i seg og så blitt sjuke utan å ha smitta andre.

Asylsøkarar og andre personar frå land med høy førekomst av tuberkulose, og som skal opphalde seg i Norge i meir enn tre månader, har plikt til å gjennomgå tuberkuloseundersøking. Kommunen er derfor pålagd å organisere ein ordning for tubekulosekontroll for migrantar; asylsøkarar, flyktningar, familieinnvandrarar og andre frå dei aktuelle landa til dømes arbeidsinnvandrarar.

#### **6.4.4 Tannhelseteneste**

Det er fylkeskommunen, og ikkje kommunen, som etter lov om tannhelsetenesta skal sørge for at nødvendig tannhelsehjelp er tilgjengeleg for alle som bur eller har midlertidig opphold i fylket, derunder flyktningar, personer med opphold på humanitært grunnlag og asylsøkarar som bur eller oppheld seg i statlege mottak

#### **6.4.5 Etablering av Helseteam for migrantar: «Migrahelse»**

Helsedirektoratet si tilråding er at kommunar sett av eigne fagressursar til å arbeide særskilt med likeverdige helsetenester til asylsøkarar, flyktningar og familieinnvandrarar, og det bør etablerast tverrfaglege fagmiljø eller team som opparbeider seg kompetanse på feltet. Uavhengig av om det skjer ein auke i busetting av flyktningar i kommunen, er det føremålstenleg å etablere eit tverrfagleg helseteam i tråd med tilrådingar frå nasjonal helsemyndighet.

- Teamet må ha nødvendig fagkompetanse som lege og helsesøster. I tillegg vil det vere behov for psykolog, og psykiatrisk sjukepbleiar/vernepleiar-teneste
- Sikre rutinar for samarbeid med teamet og andre som har ansvar for målgruppa, eks flyktningerrådgjevar NAV, politi mfl.
- Teamet bør ha ei aktivt oppsøkjande tilnærming.
- Teamet bør vere ein integrert del av det samla helsetenestetilbodet i kommunen og på den måten tilføre fagkompetanse til helsetenesta.
- Teamet skal bidra til at flyktningar og asylsøkjarar skal nytte dei ordinære helsetenestene

Tabell 1. Primærøppgåver knytt til helsetam for migrantar

OPPGÅVE	ANSVAR
Koordinering/samtaler/vaksinering	Helsesøster i helseteamet
Individretta smittevern knytt til tuberkuloseundersøking, inkludert oppfølging av prøvesvar, tilvisingar mm. Anna individretta smittevern	Allmennlege i heseteamet
Helseundersøking av nykomne	Allmennlege i helseteamet

## 7 Erfaringar med busetting og forslag til tal for busetting i perioden 2016-2019

### 7.1 Erfaringar med busetting av flyktningar i Lindås kommune

#### 7.1.1 Butiltak for einslege mindreårige flyktningar

Lindås kommune vert sett på som en føregangskommune i arbeidet med einslege mindreårige flyktningar. Det er ønskjeleg at det skal halda fram etter den modellen som vi har lukkast med dei siste 6 åra. Det vil seie 5 ungdomar i kvart tiltak vi opprettar, og døgnbemanna.

Lindås kommune starta eit butiltak i Isdal i slutten av 2009 for å ta i mot einslege mindreårige flyktningar. Kommunen tok først imot 5 flyktningar frå Afghanistan. Desse vart plassert under barnevernstenesta som oppretta butiltaket.


Lindås kommune har sidan 2009 halde fram med å ta i mot einslege mindreårige flyktningar. Dei vert plassert i butiltaket Isdal etter kvart som ungdomar flyttar ut, og plassar vert ledige. Tiltaket har 5 plassar. Ungdomane kjem når dei er mellom 14-15 år, og vert plassert av Bufetat. Dei vert som regel buande i tiltaket til dei fyller 19 år – og går over til butreningspå eigen hybel.

Barnevernstenesta i Lindås har i dag 5 plasserte ungdomar i butiltaket. Det er også 2 ungdomar i hybel med butreningspå. Sidan 2009 har vi plassert 9 einslege mindreårige flyktningar i Lindås kommune. Vi har lukkast svært godt med desse 9 ungdomane. 5 av dei har fagbrev, klarar seg sjølv og er enten i full jobb eller i lærlingepllass. Dei 4 ungdomane som nå bur i tiltaket gjennomfører grunnskule og vidaregående skule.

#### 7.1.2 Andre tiltak for flyktningar

Erfaringane er at mange av flyktningane kjem raskt i utdanning eller arbeid etter at dei er busett i Lindås kommune. Det er endringar i arbeidsmarknaden no, som kan gjøre det vanskelegare å komme i arbeid. Figur 1 er utarbeidd av IMDI og viser sysselsetjing etter innvandingsbakgrunn i perioden 2006 til 2014 i Lindås kommune.

**Figur 1.**



[http://www.imdi.no/tall-og-statistikk/steder/K1263/arbeid/sysselsetting-etter-innvandringsgrunn/historikk/@\\$u=prosent;\\$y=\\$all;innvgrunn7=arbeid,familie,flukt,utdanning,uoppgitt,annet;kjonn=alle](http://www.imdi.no/tall-og-statistikk/steder/K1263/arbeid/sysselsetting-etter-innvandringsgrunn/historikk/@$u=prosent;$y=$all;innvgrunn7=arbeid,familie,flukt,utdanning,uoppgitt,annet;kjonn=alle)

Tabell 2 er tal frå Lindås kommune og syner tal vaksne flyktningar (over 18 år), kva år dei blei busett i Lindås kommune, og kor mange av dei som i dag er i arbeid eller utdanning, og kor mange som har sosialhjelp som hovudinntektskjelde . Den siste kolonnen syner kor mange av dei som blei busett kvart år frå 2012 til 2015 som fortsatt bur i kommunen. Tabellen syner at nesten alle som er busett etter 2012 er i arbeid eller utdanning, og dei aller fleste bur framleis i kommunen.

**Tabell 2.**

År busett	Tal flyktningar	Over 18 år	I arbeid eller utdanning i dag av dei som blei busett kvart av åra	Sosialhjelp som hovudinntektskjelde	Bur fortsatt i kommunen
2012	13	11	9	2	11
2013	18	12	6	1	17
2014	32	20	2	0	32
2015	30	15	0	0	29

## 7.2 Forslag til auka tal flyktingar i perioden 2016-2019

På bakgrunn av gjennomgangen i dette dokumentet, vil det vere forsvaret å ta imot et auka tal flyktingar i Lindås kommune i tillegg til dei som allereie er budsjettet.

### 7.2.1 Drift av bufellesskap for einslege mindreårige flyktingar (15 år og yngre)

Lindås kommune driftar eit bufellesskap for einslege mindreårige flyktingar. Lindås kommune vil kunne etablere og drifte to nye slike bufellesskap i 2016 og to nye i 2017.

Tabell 3 syner kva det kostar Lindås kommune å drifte eit nytt bufellesskap for einslige mindreårige flyktingar (EMF) og kva tilskot kommunen får knytt til drift av bufellesskap samla sett. Det er lagt inn ein linje som synar netto utgift for kommunen ved drift av eitt nytt bufellesskap, og den siste linja (merka med grønt) synar netto utgifter ved å opprette to nye bufellesskap i 2016 og to nye bufellesskap i 2017 (dvs. totalt fire nye bufellesskap).

**Tabell 3.**

Nye bofellesskap:	2016	2017	2018	2019	2020
Netto utgift bufellesskap	2 800 000	2 800 000	2 800 000	2 800 000	2 800 000
Tilskot integrering	920 000	1 100 000	800 000	417 000	350 000
Tilskot EMF, inkl 100 000 kr ekstra per barn	1 535 000	1 535 000	1 535 000	1 535 000	1 535 000
Innbyggertilskot	113 000	113 000	113 000	113 000	113 000
Netto kostnad for kommunen per nye bufellesskap	232 000	52 000	352 000	735 000	802 000
<b>2 nye bufellesskap i 2016 og to nye i 2017</b>	<b>464 000</b>	<b>568 000</b>	<b>808 000</b>	<b>2 174 000</b>	<b>3 074 000</b>
NB! Positivt tall i bunn betyr auka kostnad for kommunen					

### 7.2.2 Auka busetting av flyktingar i åra 2016-2019

Lindås kommune vil kunne ta imot 23 fleire flyktingar i 2016 enn det som er budsjettet, og deretter respektive 31, 41 og 43 fleire flyktingar enn det som var planlagd i kvart av dei tre neste åra. Desse tala inkluderer ikkje einslege mindreårige flyktingar under 15 år som vert busett i bufellesskap.

Tabell 4 syner ein oversikt over tiltak som må iverksetjast for å kunne busette eit auka tal flyktingar i samsvar med planen. Det er per mai 2016 budsjettet med busetting av 22 nye flyktingar, og tala som kjem fram av tabellen synar auka utgifter og inntekter for å busette auka flyktingar i tillegg til dei 22 som allereie ligg inne i budsjettet. Planlagt busetting av tal flyktingar (i tillegg til dei 22 som allereie er budsjettet) kjem fram av øverste linje i oversynet.

**Tabell 4.**

<b>Busetting av flyktningar</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Tal busetting av flyktningar (i tillegg til dei som allereie er budsjettert)	23	31	41	43
<b>Auka behov:</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Barnehage/ skule: Opplæring tolk og norsk		600 000	1 200 000	1 800 000
Barnevern, auka oppfølging, ca 30% stilling		180 000	180 000	180 000
Vaksenopplæring, grunnskule + introduksjonsprogram	400 000	950 000	2 150 000	2 150 000
Busett i 2016 NAV, utbetalingar og busetting	4 722 912	4 722 912	1 429 680	1 429 680
Eingongsutbetaling busetting i 2016 NAV	1 265 000			
Busett i 2017, utbetalingar NAV		6 365 664	6 365 664	1 926 960
Eingongsutbetaling busetting - Busett i 2017 NAV		1 705 000		
Busett i 2018, utbetalingar NAV			8 419 104	8 419 104
Eingongsutbetaling busetting - Busett i 2018 NAV			2 255 000	
Busett i 2019, utbetalingar NAV				8 829 792
Eingongsutbetaling busetting - Busett i 2019 NAV				2 365 000
Kvalifiseringsprogrammet 3 plassar per år		540 516	540 516	540 516
Flyktningekoordinator 100% stilling - endra organisering	300 000	740 000	740 000	740 000
Programrådgivar 40% stilling, KVP 50% stilling og saksbehandlar 30% stilling	315 000	630 000	630 000	630 000
Smittevern, 20% helsestilling	140 000	140 000	140 000	140 000
Jobbsjansen 50% stilling	150 000	300 000		
Psykiatrisk sykepleier/ Psykolog/ fysio 20% stilling	70 000	140 000	140 000	140 000
<b>Sum auka utgifter</b>	<b>7 362 912</b>	<b>17 014 092</b>	<b>24 189 964</b>	<b>29 291 052</b>
<b>Tilskot</b>				
Integreringstilskot nye busettingar i 2016	-5 382 000	-5 060 000	-3 680 000	-1 918 200
Integreringstilskot nye busettingar i 2017		-7 254 000	-6 820 000	-4 960 000
Integreringstilskot nye busettingar i 2018			-9 594 000	-9 020 000
Integreringstilskot nye busettingar i 2019				-10 062 000
Ekstratilskot 50% over voksen utover de 30 det tidligere er bedt om.	-1 250 000	-1 650 000	-1 650 000	-1 750 000
Tilskot norskopplæring busett i 2016	-733 700	-1 338 600	-908 500	
Tilskot norskopplæring busett i 2017		-988 900	-1 804 200	-1 224 500
Tilstok norskopplæring busett i 2018			-1 307 900	-2 386 200
Tilstok norskopplæring busett i 2019				-1 371 700
Innbyggartilskot Busetting	-519 800	-1 220 400	-2 147 000	-3 118 800
<b>Sum auka tilskot</b>	<b>-7 885 500</b>	<b>-17 511 900</b>	<b>-27 911 600</b>	<b>-35 811 400</b>
<b>Total netto</b>	<b>-522 588</b>	<b>-497 808</b>	<b>-3 721 636</b>	<b>-6 520 348</b>

NB! Positivt tall i bunn betyr øket kostand for kommunen, negativt tall betyr auka inntekt

## **Delplan for arbeidet med busetjing av einslege mindreårige flyktningar i Lindås kommune 2016-2019**

Delplanen syner at Lindås kommune kan etablere to nye butiltak i 2016 og to i 2017 for einslege mindraårige flyktningar under 15 år. I løpet av 2017 vil ein slik ha 25 plassar til einslege mindreårige flyktningar i kommunen.

## Innhald

1. Utgangspunkt for delplanen.....	2
2. Oppsummert: kva er gjort tidlegare og kva vert i dag gjort av Lindås kommune i arbeidet med einslege mindreårige flyktningar? .....	3
3. Kvifor skal vi utvida mottaket av einslege mindreårige flyktningar i Lindås kommune? .....	3
4. Kva tilbod skal vi gje flyktningane – kva type tiltak? .....	4
4.1 Kvifor 5 ungdommar i kvart tiltak? .....	4
4.2 Kva bustad treng vi, og kva må denne innehalda?.....	4
4.3 Organisering .....	5
4.4 Kva treng vi av personale?.....	5

### 1. Utgangspunkt for delplanen

Lindås kommune fekk 20.11.2015 oppmoding frå Fylkesmannen i Hordaland om å busetja 20 einslege barn og unge i 2016, og 32 einslege barn og unge i 2017. Det krev meir av ein kommune å ta i mot Bufetat sine plasseringar, altså barn som er under 15 år når dei kjem, enn eldre ungdommar.

Det er viktig å skilja mellom einslege mindreårige som kjem til Noreg når dei er under 15 år, og dei som er eldre (15-18 år). Lindås kommune har dei siste 6 åra hatt avtale med Bufetat om å busetja dei som er under 15 år når dei kjem til Noreg. Dette må Lindås kommune halda fram med.

Lindås kommune har svært gode resultat med å busetja denne gruppa. Kommunen har ei avdeling og eit apparat som har lang erfaring med einslege mindreårige flyktningar under 15 år. Hovudmålet til ein kommune som tek mot flyktningar må vere å trygge flyktningane, lære dei språket slik at dei kan verta integrert og til slutt koma ut i arbeid som skatteytarar. Dette har vi lukkast med når det gjeld dei som kom før dei fylte 15 år. Dette er ein større utfordring for kommunar som for eksempel tek mot 17 åringar, som gjerne vert plassert på hyblar – og kan skriva seg ut av barnevernet når dei er 18 år.

Det finst alternative tiltak som plassering på hyblar med tilsyn og fosterheimar. Dette meiner vi er dårlege løysinger, og ikkje noko Lindås kommune bør gå for. Vi ser på eigen erfaring, og erfaring frå kommunane som nå gjer dette, at sjansen for å lukkast med tiltak og integrering vert mindre når ungdomane vert plassert på hyblar. Når det gjeld fosterheimar er dette ikkje eit reelt alternativ, da barnevernstenesta alt har vanskar med å skaffa nok fosterheimar i utgangspunktet.

Barnevernstenesta i Lindås kan starte opp to nye tiltak av same modell som dei driv no i 2016 og to nye i 2017. Dette vil bety at Lindås kommune til ei kvar tid har 25

busetjingsplasser for einslege mindreårige flyktningar, som er under 15 år når dei kjem. Ungdomane vert buande i tiltaka til dei er 18-19 år, og vert så plasserte på hybel med oppfølging, medan nye ungdomar flyttar inn i butiltaka.

Lindås kommune vert sett på som ein føregangskommune i arbeidet med einslege mindreårige flyktningar. Vi ønskjer at det skal halda fram. Føresetnaden er at vi driv etter den modellen som vi har lukkast med dei siste 6 åra. Det vil seie 5 ungdomar i kvart tiltak vi opprettar, og med døgnbemannning.

## **2. Oppsummert: kva er gjort tidlegare og kva vert i dag gjort av Lindås kommune i arbeidet med einslege mindreårige flyktningar?**

Lindås kommune starta butiltaket Isdal i slutten av 2009 for å ta i mot einslege mindreårige flyktningar. Kommunen tok i mot 5 flyktningar frå Afghanistan. Desse vart plassert under Barnevernstenesta som oppretta butiltaket.

Lindås kommune har sidan 2009 halde fram med å ta i mot einslege mindreårige flyktningar. Dei vert plassert i butiltaket Isdal etter kvart som ungdomar flyttar ut, og det vert ledige plassar. Tiltaket har 5 plassar. Ungdomane kjem når dei er mellom 14-15 år, og vert plassert av Bufetat. Dei vert som regel buande i tiltaket til dei fyller 19 år – og går over til butreningsplass på eigen hybel.

Barnevernstenesta i Lindås har i dag 5 ungdomar i butiltaket. Vi har også 2 ungdomar i hybel med butreningsplass.

Sidan 2009 har vi plassert 9 einslege mindreårige flyktningar i Lindås kommune.

Vi har lukkast svært godt med desse 9 ungdomane. 5 av dei har fagbrev, klarar seg sjølv og er enten i full jobb eller i læreplass. Dei ungdomane som no bur i tiltaket gjennomfører grunnskule og vidaregående skule. Vi meiner dette er eit resultat av den kunnskapen vi har, og den modellen vi arbeider etter. Barnevernstenesta kan starte opp fleire tiltak, der vi arbeider etter same modell.

## **3. Kvifor skal vi utvida mottaket av einslege mindreårige flyktningar i Lindås kommune?**

Som kjent er det ein auka straum av flyktningar til Europa, også til Noreg. Mange av desse er einslege mindreårige. Bufetat, som har ansvaret for å plassera einslege mindreårige flyktningar har problem med å finne plassar til desse i kommunane. Dei kjem jamleg med spørsmål om det er mogeleg for Lindås kommune å busetja fleire.

Lindås kommune har opparbeida seg kunnskap på dette feltet dei siste åra. Vi har gode resultat å vise til med dei ungdomane vi har plassert i tiltak, og meiner derfor at vi bør utnytte kompetansen i kommunen til å busetja fleire einslege mindreårige flyktningar.

Ungdomane som har gått gjennom tiltaket vårt har lært språket, fullført vidaregåande skule, og klarer seg sjølv og er i jobb.

**Det vil vere realistisk å kunne etablere to nye butiltak i 2016 og to i 2017. I løpet av 2017 vil ein slik ha 25 plassar til einslege mindreårige flyktningar i kommunen.**

#### **4. Kva tilbod skal vi gje flyktningane – kva type tiltak?**

Barnevernstenesta meiner at kommunen må etablera nye butiltak dersom vi skal ta mot fleire einslege mindreårige flyktningar. Vi har ein modell som har vist seg å fungera svært godt dei siste 5 åra, og er nøydde til å bruka kunnskapen vår om kva som fungerer også overfor nye flyktningar.

Vi ønskjer ikkje å oppretta tiltak kor einslege mindreårige flyktningar vert plassert direkte i eigne hyblar eller i fosterheimar. Vi ser at dette medfører dårlige resultat i andre kommunar, og det er også tidlegare forsøkt i Lindås kommune utan gode resultat .

##### **4.1 Kvifor 5 ungdommar i kvart tiltak?**

Ungdommane vi tek mot er barn med mykje «bagasje». Dei kjem med traumar, mange med symptom på posttraumatiske stresssliding, søvnproblem, angst, er utrygge og treng omfattande omsorg. Vi har til ei kvar tid 2 kvalifiserte miljøterapeutar på jobb som skal gje denne omsorga og oppfølginga. Av erfaring ser vi at 5 barn krev såpass mykje at ein ikkje vil kunna yta den same oppfølginga dersom det er fleire ungdommar enn dette i same hus. Det er dessutan ikkje lett å skaffa bustader som har soverom til 2 personale + fleire enn 5 ungdomar.

##### **4.2 Kva bustad treng vi, og kva må denne innehalda?**

Den modellen vi arbeider etter nå, vil også vere den vi må arbeide etter i eit nytt butiltak. Det vil seia at vi har miljøterapeutar i medlevarturnus. Det vil bety at det alltid er 2 miljøterapeutar på arbeid.


Med inntak av 5 ungdomar vil det vere behov for 7 soverom i bustaden. Det må også vere kontor i bustaden, men dette kan eventuelt knytast til personalsoverom.

Det er mest hensiktsmessig med 3 bad i bustaden, 1 til personale, og 2 til ungdomane. Dersom det blir både jenter og gutter må det vera eit bad til kvart kjønn.

Bustadkontoret i kommunen og barnevernstenesta har starta arbeidet med å skaffa mogelege bustader som kan vera aktuelle for kjøp eller leige.

#### 4.3 Organisering

Organiseringa av avdeling for einslege mindreårige flyktningar vil måtte endrast alt etter kor mange tiltak kommunen skal driva. Dagens organisering for eitt butiltak er:



Dersom barnevernstenesta skal driva 4 butiltak kan organiseringa verta:



#### 4.4 Kva treng vi av personale?

Eitt butiltak som skal drivast etter dagens modell krev ni faste 100 % stillingar med relevant kompetanse.

# **SAKSPAPIR**

Saksnr	Utval	Type	Dato
035/16	Levekårsutvalet	PS	24.05.2016
	Formannskapet	PS	
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Øyvind Stang	14/7008

## **Vidare utvikling av Bjørn West museet og deltaking frå Lindås kommune**

32T

Bjørn West-museet som ein del av Museum VestBjørn West-museet - konsolidering

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Det årlege tilskotet til Bjørn West museet vert auka frå kr.5000.- til kr. 20.000.- for perioden 2016 – 2019.

#### **Saksopplysningar: Politisk handsaming**

**Saka skal til uttale i Levekårsutvalet**

**Saka skal innstilling i Formannskapet**

**Saka skal avgjerast i Kommunestyret**

#### **Bakgrunn**

I brev til Lindås kommune, datert 23.09 2015 gjer dagleg leiar Arne Berg ved Bjørn West Museet greie for bakgrunn og planane for vidare utvikling av museet:

15. oktober 1994 var Bjørn West Museet opna av Kong Harald. Museet vart ein realitet etter mykje frivillig dugnadsinnsats og initiativ. Masfjorden kommune stilte bygninga til disposisjon og ytte ein sum til oppretting av stiftinga Bjørn West Museet. Det gjorde også kommunane Lindås, Osterøy, Modalen og Gulen med kr. 5000.-

kvar. Dette har vorte eit årleg tilskot frå desse kommunane. Hordaland Fylkeskommune var også sentral i opprettinga av Stiftinga. Dei nemnde kommunane er også representerte i stiftinga sitt styre, saman med fylke og andre.

Frå 2008 har alt driftsansvar lege til Masfjorden kommune. De kommunale kostnadene dei seinare åra har vore på om lag kr. 400.000.- årleg.

I 2014 kom arbeidet med ei konsolidering av museet skikkeleg i gang, og ein rapport frå Museum Vest frå desember 2014 konkluderer med at:

1. Bjørn West Museet bør konsoliderast og bli ein del av Stiftinga Museum Vest
2. Det bør arbeidast med eit nybygg ved E39 for å få eit nytt Bjørn West Museum, evt. inkludert eit visningscenter for Stølsheimen, framfor å ruste opp eksisterande museumsbygg.

Museum Vest er tydeleg på at konsolidering ikkje er avhengig av nybygg, slik at desse prosessane kan gå noko uavhengig av kvarandre. Tilstanden til dagens museumsbygg gjer imidlertid at prosessane må gå parallelt.

Det er eit sterkt ynskje både frå Masfjorden kommune, Bjørn West Museet og Museum Vest at alle kommunane er med vidare i utvikling av Bjørn West museet.

Etter ei konsolidering vert det Museum Vest som står for all drift, også dagleg leiing. For å få ei fornying, vidareutvikling og profesjonalisering er det naudsynt med ei større stilling. Med tilskot frå Masfjorden kommune, tilsvarande frå Hordaland fylke, andre kommunar og anna er det eit mål å ha dagleg leiar i full stilling.

Dagleg leiar ved Bjørn West-museet ser for seg at det årlege tilskotet frå kommunane vert på kr.25000.- Han påpeikar og at i samband med konsolidering må det lagast nye vedtekter for Stiftinga og skriv vidare at dei «håpar difor kommunane framleis ynskjer å ha representantar i styret».

I brev datert 10.03 2016 opplyser Masfjorden kommune om at Gulen kommune har gjort eit vedtak om ei årleg løyving på kr.20.000.- til museet. Dei oppmodar dei andre kommunane i stiftinga om å gjere liknande vedtak.

## Vurdering

Bjørn West Museet er i gang med eit naudsynt utviklingsarbeid. Museum Vest har forfatta ein utfyllande rapport datert 5.12 2015. Den skisserar ulike alternativ for vidare utvikling. Auka aktivitet og ny organisering førar til auke i kostnadane. Det kan difor vere naturleg at Lindås kommune aukar drifttilskotet til Bjørn West-museet som vart satt til kr. 5000.- i 1994.

Lindås kommune ynskje å fortsetje samarbeidet med Bjørn West museet. Det er

viklig at kommunane saman får til ei god formidling av felles krigshistorie til komande generasjonar. Det årlege driftstilskotet vart derfor auka til kr. 20.000.-, for perioden 2016 – 2019.

.....



Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/179 - 16/1300

Saksbehandlar:  
Alf Magnar Strand  
Alf.M.Strand@masfjorden.kommune.no

Dato:  
10.03.2016

## Bjørn West-museet som ein del av Museum Vest

Viser til brev herfrå datert 23/9 2015 og til svar frå dykk. Nokre av dykk har bede om å få ei tilbakemelding når prosessen var komen lenger.

Me kan no mælda at Bjørn West-museet er blitt ein del av Museum Vest. Masfjorden kommunestyre gjorde i sak 110/2015 vedtak om å konsolidera Bjørn West-museet med Museum Vest.

Frå 1. januar 2016 overtok dermed Museum Vest drifta av Bjørn West-museet på Matre. Museet skal drivast som ei avdeling av Stiftinga Museum Vest, likestilt med dei andre avdelingane.

Sjølv om Bjørn West-museet no formelt er ein del av Museum Vest, må Masfjorden kommune framleis finansiera ein vesentleg del av drifta av museet.

I avtalen står det at Masfjorden kommune skal yta kr 400000 i årlege løyingar til Museum Vest (pkt 4). Me har budsjettert med kr 300000 for 2016 og har ei von om at dei resterande 100000 kan dekkast av eigarkommunane i Stiftinga Bjørn West-museet og eventuelt Høyanger kommune. I den kommunale løyvinga kan me òg legga inn eventuelt tilskot frå Stiftinga og Bjørn West-museets Venner m.fl. (pkt 4) Stiftinga Bjørn West-museet kjem til å halda fram arbeidet sitt, jfr. pkt 3 i Samarbeidsavtalen, og eigarkommunane i Stiftinga har framleis kvar sin representant i styret i Stiftinga.

Gulen kommune har alt gjort eit vedtak om å løyva kr 20000, og me ber no kvar av dei andre kommunane i stiftinga om å gjera liknande vedtak om årleg yting til drifta av Bjørn West-museet.

Kopi av kommunestyrevedtak og kopi av samarbeidsavtalen ligg vedlagt.

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen  
Rådmann

Alf Magnar Strand  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*



**Mottakarar:**

Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Høyanger kommune	postboks 159	6991	HØYANGER
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Osterøy kommune	Rådhusplassen	5282	LONEVÅG



Kopimottakar

Gulen kommune  
Modalen kommune  
Lindås kommune  
Osterøy kommune  
Høyanger kommune



Referanser:

Dykkar:  
Vår: 15/179 - 15/4270

Saksbehandlar:

Arne Berg  
Alf.M.Strand@masfjorden.kommune.no

Dato:

23.09.2015

## Bjørn West-museet - konsolidering

### Vidare utvikling av Bjørn West Museet og deltaking frå kommunane

Historia om Bjørn West er ein sentral del av regionens og landets krigshistorie frå andre verdskrig. Eit stort tal ungdom, soldatar og ikkje minst sivile kontaktar i Nordhordland og Bergensområdet hadde tilknyting til motstandsgruppa Bjørn West. Dei heldt til i fjella i Masfjorden, Lindås, Gulen, Modalen og Høyanger siste krigsvinteren. Og det var her dei siste kampane i Europa vart utkjempa fram til 3. mai 1945.

For 21 år sidan – 15. oktober 1994 – vart Bjørn West Museet opna av kong Harald. Museet vart ein realitet etter mykje frivillig dugnadsinnsats og initiativ. Masfjorden kommune stilte bygningar til disposisjon og ytte ein sum til oppretting av stiftinga Bjørn West Museet. Det gjorde også kommunane Lindås, Osterøy, Modalen og Gulen med kr 5000,- kvar. Dette har vorte eit årleg tilskot frå desse kommunane. Hordaland Fylkeskommune var også sentral i oppretting av Stiftinga. Dei nemnde kommunane er også representerte i stiftinga sitt styre, saman med fylket og andre. (Sjå vedlagde vedtekter for stiftinga)

Seinare tok Masfjorden kommune på seg noko ansvar for drifta. Frå 2008 har alt driftsansvar lege til Masfjorden kommune inkl vask av lokala og løn til personale. Den kommunale kostnaden dei seinare åra har vore på om lag kr 400.000,- årleg.

I 2014 kom arbeidet med ei konsolidering av museet skikkeleg i gang, og ein rapport frå Museum Vest frå desember 2014 konkluderer med at:

1. Bjørn West Museet bør konsoliderast og bli ein del av Stiftinga Museum Vest
2. Det bør arbeidast med eit nybygg ved E39 for å få eit nytt Bjørn West Museum, evt. inkludert eit visningssenter for Stølsheimen, framfor å ruste opp eksisterande museumsbygg.

Rapporten er vedlagt. Museum Vest er tydeleg på at konsolidering ikkje er avhengig av nybygg, slik at desse prosessane kan gå noko uavhengig av kvarandre. Tilstanden til dagens museumsbygg gjer imidlertid at prosessane må gå parallelt.

Me ser det som viktig at Bjørn West Museet også i framtida har ei sterkt regional forankring. Det er difor eit sterkt ynskje både frå Masfjorden kommune, Bjørn West Museet og Museum Vest at alle kommunane er med vidare i utvikling av Bjørn West Museet og slik tek vare på historia. Me ynskjer også at Høyanger kommune vert med i den nye organiseringa av museet. Høyanger var sentral mellom anna med stølane, flyslepp, kampane ved Nystølen og Krokevatnet, dei sivile kontaktane, tyske ilandsettingar osv.

Drifta av Bjørn West Museet var først på dugnad. Så vart vaktane/omvisarane løna av Masfjorden kommune. Dei seinare åra har Arne Berg vorte engasjert av Masfjorden kommune for dagleg leiing. Etter ei konsolidering vert det Museum Vest som står for all drift, også dagleg leiing. For å få ei fornying, vidareutvikling og profesjonalisering er det naudsynt med ei større stilling enn det me har hatt så langt. Med tilskot frå Masfjorden kommune, tilsvarande frå Hordaland fylke, andre kommunar og anna er det eit mål å ha dagleg leiar i full stilling. Me ser for oss at det årlege økonomiske tilskotet frå kvar av kommunane vert på kr 25000,-.

I samband med konsolidering må det lagast nye vedtekter for Stiftinga Bjørn West Museet. Me håpar difor kommunane framleis ynskjer å ha representantar i styret.

Ta gjerne kontakt med dagleg leiar Arne Berg i Bjørn West Museet eller ordførar i Masfjorden Karstein Totland om de lurer på noko.

Med helsing

Karstein Totland

Ordførar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

Arne Berg

Dagleg leiar Bjørn West-museet



## Vedtekter for stiftinga Bjørn West-museet

[Tilbake til startsida](#)

## § 1

Bjørn West-museet omfattar eit to-etasjers trehus på Matre frå 1912 og fire garasjar med grunn, gnr. 59, bnr. 44. Ei sæterbu vart flytta til museet i 1995 og er ei gave frå BKK. I samlinga inngår ein livbåt frå Vigra, restar av Halsøygavlen og ein god del militære gjenstandar, kart, dokument, lydband, foto og videooppptak. I tillegg kjem ei fagcelle frå Gestqpohuset i Veiten i Bergen. Alle våpen og millitære gjenstandar er etter lov Staten sin eigedom og vert forvalta av Forsvarsmuseet.

## § 2

Bjørn West-museet er ei stifting med føremål å ta vare på og gjere tilgjengeleg soga om Bjørn West. Museet skal også femna om minna frå den lokale motstandsørsla i Bergen, Nordhordland og Ytre Sogn, både den militære og den sivile. Vidare må museet arbeide for å ta vare på og formidle minne som kastar lys over folks levekår under krigen.

## § 3

Bjørn West-museet er ei særskilt rettsskiping med eige budsjett og rekneskap og med ein grunnkapital på kr. 400.000,-.

Rekneskap og årsmelding skal sendast til deltakande kommunar og til Fylkesmannen for godkjenning innan 1. mars kvart år.

Rekneskapen skal vere revidert av ein statsautorisert eller registrert revisor.

## § 4

Stiftinga er oppretta 1991 av følgjande kommunar i Nordhordland og Ytre Sogn, som for 2000 har løyvt midlar slik:

Gulen kr. 5.000

Lindås kr. 5.000

Masfjorden kr. 45.000

Modalen kr. 5.000

Osterøy kr. 5.000

Hordaland fylkeskommune har løyvd kr 15.000.

Masfjorden kommune har vederlagsfritt overdrege huset og fire garasjar med tomt til stiftinga.

## § 5

Stiftinga vert leia av eit styre på 7 medlemer med personlege varamedlemer pluss to observatører med møte- og talerett, men som ikkje har stemmerett.

Styret skal ha følgjande samnasetning:

Ein representant vald av kvar av dei deltakande kommunane (5)

Ein representant vald av Bjørn West-museets venner (1)

Ein representant vald av Masfjorden Sogelag (1)

Ein observatør kan sendast av Hordaland Fylkeskommune

Ein observatør kan sendast frå Forsvarsmuseet eller Distriktskomando Vestlandet.

Funksjonstida for dei valde representantane er 4 år.

Styret vel formann for to år om gongen mellom styrerrepresentantane frå Masfjorden.

I første periode går tre ut etter to år, ved loddtrekning mellom styremedlemene unntatt formannen.

Formannen kallar inn styret med minst åtte dagars varsel. Styret vel skrivar og kasserar som ikkje treng å vera medlem av styret.

Styret er vedtaksført når minst fire av medlemmene er til stades. Ved likt stemmetal er formannen si stemme avgjerande.

Det skal førast protokoll for kvart møte. Referat og protokoltilførslar skal vera godkjent av alle.

## § 6

Styret er ansvarleg for drifta av stiftinga og forvaltning av eigendomen, og vil ha fagleg samarbeid med Fylkeskommunen, Forsvarsmuseet og eventuelt andre museum innan fagfeltet.

Bindande underskrift vert gjeven av styreformann og minst eitt styremedlem.

Styret skal arbeide for å skaffe stiftinga økonomisk plattform for forsvarleg drift.

Styret skal utarbeide budsjett for stiftinga innan 1. oktober og sender dette til dei deltakande kommunane.

Museet skal vera ope for alle. Opningstider og inngangspengar vert bestemt av styret.  
Styret skal serleg arbeide for å leggja tilhøva til rette for skuleelevar.  
Styret engasjerer det nødvendige personell for drift av stiftinga og gjev reglar for deira ansvar og arbeidsområde.

§ 7

Museet sine eigne lutar kan ikkje avhendast eller gjevast bort. Med godkjenning frå Forsvarsmuseet kan syret gje løyve til utlån for kortare eller lengre tid.

§ 8

Styret kan med 2/3 fleirtal vedta å endre vedtekten. Endringsframleggget skal liggje ved innkallinga. Etter stiftelsslova skal fylkesmannen godkjenne endring av vedtekten for stiftinga.

§ 9

Dersom ikkje styret greier å drive museet, skal huset overførast til vertskommunen, Masfjorden. Fylkesmannen må godkjenne ei eventuell oppløysing av stiftinga

# **SAKSPAPIR**

Saksnr	Utval	Type	Dato
036/16	Levekårsutvalet	PS	24.05.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Eileen M Feste	16/15

## **Kulturmidlar - hovudtildeling vår 2016**

32T

2310 Barn & unge  
3750 Kulturvern og samlingar  
3770 Kunstformidling og musikk  
3850 Andre kulturaktiviteter  
Uttale vedk fordeling av kulturmidlar for 2016 (L)(161957)

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Levekårsutvalet vedtek rådmannen sitt forslag om tildeling av kulturmidlar – hovudtildeling våren 2016.

### **Saksopplysningar: Politisk handsaming**

Saka skal avgjera i Levekårsutvalet

### **Bakgrunn**

Kommunestyret har løyvd kr 2.037.600 til Kulturmiddelføremål for 2016.  
Levekårsutvalet vedtok i sak 07/16 «Rammer for kulturmidlar 2016», følgjande fordeling;

«Kulturvern og samlingar» vart redusert med kr 68.300 frå 2015 til 2016. Bakgrunn for dette var at ein over fleire år har sett at det har vore lite pågang av søknadar til «Kulturvern og samlingar». Kvart år dei siste 4-5 åra har denne posten hatt att ei rest etter hovudtildelinga på ca kr 50-70.000. Ein har difor valt å fordele kr 68.300 på dei kategori der det har vore

størst pågang av søknadar dei 4-5 siste åra – kategori «Barn- og unge» og «Andre aktivitetar».

Levekårsutvalet vedtok 21.01.14 retningsliner/kriteria for kulturmidlar i sak 08/14. Dette på bakgrunn av ei større gjennomgang av eksisterande retningsliner. Desse trådde i kraft 01.02.14

I følgje retningsline har dei kommunale kulturmidlane som målsetting å styrke fellesskap og livskvalitet i lokalmiljøet. Gjennom støtte til det lokale kulturliv ønsker Lindås kommune å stimulere til utvikling av nye idear, samarbeid og eit aktivt kulturliv med mangfold samt å gje alle høve til å oppleve kunst og kultur.

#### Frist for å søkje kulturmidlar er;

Lindås kommune informerer om frist for å søkje kulturmidlar gjennom lokalavisar, Facebook, heimeside og epost.

Det har ikkje vore auke i løyvingane til kulturmiddelføremål i perioden 2012-2016. I praksis vil det seie at lag/organisasjonar mottar mindre tilskot i 2016 enn i 2012 om ein justerer for prisvekst og inflasjon. Tal frå SSB synar ein prisstigning frå januar 2012 til mars 2015 på 5,6%, noko som tyder på ein reell nedgang på om lag kr 114.500 i verdien av kulturmidlar i nemnde periode. I Kulturplan for 2010-2020 (rullert) heitar det :

«Mål: Betre rammevilkår for lag/organisasjonar.

Tiltak: Auka ramma for den økonomiske tilskotsordninga».

Vi ser ei klar tendens til meir informative søknader der søkerane legg ved nødvendig dokumentasjon. Administrasjonen har sendt ut informasjon/rettleiing på dei punkt som vi ser mange har hatt utfordringar med. Slik informasjons- og rettleiing vil vi fortsette med. Om det er behov for meir informasjon til lag/organisasjonar om kva ein kan søkja aktivitet/prosjektmildar eller investeringsmidlar til, så kan det vere aktuelt med temakveld i samarbeid med Lindås idrettsråd og Lindås kulturråd.

#### Lindås kulturråd har hatt saka til høyring i møte 19. april 2016 – se vedlegg. Rådet tek opp 4 punkt;

1. Ramma for kulturmidlar har vore uendra dei siste 5 åra.
2. Kulturrådet ønsker å fjerne kategori «drift», «aktivitets/prosjekttildskot» og «investeringstildskot». Ein ser for seg at laget leverar ei søknad med dei behov laget har for midlar til drift, prosjekt og investeringar.
3. Årlege tildskot til Lindås kulturråd og Lindås idrettsråd vert øyremerka midlar og utanom kulturmidlane.
4. Større andel av kategori «ban og unge» bør delast ut i samband med hovudtildelinga.

Kategori	Ramme 2016	Rådmannens innstilling	Differanse
Barn og unge	327.500	177.900	149600
Kulturformidling / musikk	512.700	512.575	125
Andre kulturaktivitet	228.400	181.890	46510
Kulturvern og	203.800	204.000	-200

Samlingar			
Idrett	715.200		
Avsette midlar hausttildeling 2016	50.000		
<b>TOTALT</b>	<b>2.037.600</b>		196.035

Om Levekår vedtek rådmann si innstilling, vert det kr 246.035 (kr 196.035 + kr 50.000) til tildeling hausten 2016, inkludert kr 50.000 som Levekår vedtok i ramme for 2016 tildelinga.

I kategori «barn og unge» og «andre kulturaktivitet» har rådmannen innstilt på noko mindre enn Levekår har vedtatt i ramma.. Det skyldas færre søknadar og mindre prosjekt/investeringar. I 2016 har ein også valt å styrke kategori «Barn & unge» og «Andre kulturaktivitetar». Kategori «Kulturvern og samlingar» vart redusert tilsvarende. Dette vart gjort på bakgrunn av erfaringar ved tildeling dei siste 5 år.

Dei midlane som eventuelt måtte vere som overskot på dei ulike kategori, vil gå til hausttildeling 2016 med søknadsfrist 01. september. Erfaringar frå hausttildeling dei siste åra har vist at ein har søknadar på ca kr 400-500.000.

## **2310 BARN & UNGE**

**Til disposisjon:**                   **kr 327.500**

**Rådmannens forslag:**                   **kr 177.900**

### **Driftstilskott**

Tildelingsnøkkelen

Tiltak	Grunnstønad	Under 20 år	Over 20 år
Drift	3000	200	100

**Osterfjorden Sokn** søker driftstilskott til desse gruppene; Fredagskaféen (samlar 50-80 ungdommar kvar fredag i Ostereidet Kyrkje), Jungelgjengen (eit søndagsskuletilbod i Hjelmås Kapell), Ostereidet Barnekor (samlar medlemmar frå Eikanger og Ostereidet skulekrins), Sprell levande (eit søndagsskuletilbod i Ostereidet Kyrkje), Te Deum (eit vaksenkor som held til i Ostereidet Kyrkje), Osterklang (eit aktivt kyrkjekor i Osterfjorden Sokn).

**Samhald II 4H** er ein landsomfattande, ideell barne- og ungdomsorganisasjon som er livssynsnøytral og partipolitisk uavhengig. I februar kvart år reiser styret og klubbrådgjevarane på styrevervskurs og klubbrådgjevarsamling. Søkjar tilskott for å dekkja dette.

**Cisv Nordhordland** sender barn og ungdom på internasjonale fredsleirar.

**Lindås Ungdomslag** driv med teater, dans, foto og video og er opent for folk i alle alder.

**Klovheim Søndagsskule** har samling annankvar søndag gjennom året. Mellom 12-16 barn

til stades. Dei nyttar «Sprell levande» som formidlingsopplegg.

**Alversund KFUK KFUM Speidare** driv speidararbeid innan KFUK-KFUM sine retningslinjer. Jobbar for å utvikle barn og ungdoms ferdigheiter og sjølvstendig. Flittig bruk av naturen. Treng utstyr for å drive speidaren. Sender også speidare på patruljeførarkurs.

**Pinsemenigheten Eben Eser Fammestad.** Junioren i Eben Eser kjem frå skulekrinsen til Kløvheim skule. Dei har samling anna kvar tysdag. Inne og uteaktivitetar, mat og samlinsstund. Det er familiesamlingar vår og haust eller kosekveldar en laurdag for borna.

**Kløvheim F Ungdomslag** driv med vanleg ungdomsarbeid, barneleikarring, teatergruppe, bordtennisgruppe, handarbeidsgruppe, kino med vidare. Søkjar om midlar til drift av Ungdomshuset Nyheim.

### Aktivitets/prosjekttiskot

**Samhald II 4H** er ei ideell barne- og ungdomsorganisasjon som er livssynsnøytral og partipolitisk uavhengig. Samhald II 4H er ein av dei største klubbanne i Hordaland med 59 medlemmar i alderen 10-18 år, og 9 medlemmar 20+. Samhald II har lenge hatt ei Paintball bana som no treng oppgradering. Tidlegare har dei vore avhengig av å leige utstyr, men ynskjer å investere i utstyret sjølv.

**Adrian Vågenes Villanger** søker tilskot til deltaking i NM i vektløfting i Fredrikstad i slutten av april. Han er rangert som den 3. beste i landet i si gruppe og løftar tilsaman 400 kg i dei 3 kategoriane markløft, benkpress og knebøy. Han er medlem av Nordhordland styreløftklubb

**Ungdomslaget Heimhug** søker midlar til ombygg

har sendt 2 søknadar om aktivitets/prosjekttiskot. Ei søknad er frå undergruppe HUK (Hjelmås ungdomsklubb) og ei søknad frå Hjelmåsrevyen. Det er hovudstyret som skal sökje på vegne av laget, inkludert alle undergrupper. Søknadene vil verte behandla samla. Hovudstyret må fordele eventuelle midlar mellom sine undergrupper.

**Ungdomslaget Heimhug** søker midlar til ungdomsklubben til å innrei eit kjellarlokale i ungdomshuset slik at ungdommane i bygda har ei god møteplass der dei kan ha sosialt samvær, spele brett- og tv-spel og prate saman.

**CISV Nordhordland** sender barn og unge på internasjonale fredsleir. I 2016 skal dei sende delegasjonar til Polen, Norge, Mexico, Jordan og Danmark. I tillegg skal dei arrangere eige leir for 11-åringer på Seim. Delegasjonar frå 12 ulike nasjonar deltek – totalt 80 deltakare. Leiren varar i 4 veke frå 01. juli. Dette er eit stort løft for CISV Nordhordland.

**Human-etisk forbund Nordhordland** er ei livssynssamfunn, ei interesseorganisasjon og ei seremoni- leverandør. I samband med konfirmasjon arrangerer dei konfirmanthelg i Dyrkolbotn. Tema for helgen er menneskerett der m.a. Rafto stiftelsen har vore inne med eit opplegg. Det er 23 konfirmandar frå Lindås kommune i 2016. Totalt i Nordhordland er det 43.

### Investeringar

**Kløvheim ungdomslag** søker tilskot til nytt kjøkken. Kjøkkenet som står i dag er frå 1992. Etter mange års bruk, og ein del lekkasjar i gammalt tak, er det eit stort behov for at kjøkkenet vert restaurert. Det er meinингa å skifte tak, golv og veggar. I tillegg er det meste

av teknisk utstyr utslite/utdatert og har sterkt behov for utskifting.

**Ungdomslaget Heimhug** har eit lite , men godt brukt lagshus i Hjelmåsbygda. I 2015/2016 har dei hatt «prosjekt oppgradering av kjøkken» som fokusområde. Dei skal investert i diverse kjøkkenskap, nye røyrdelar, ny benkeplate, bord og stolar. I tillegg jobbar dei for å betre lydutstyr i huset. Dette utstyret vert mykje brukt på ulike arrangement. Nokre av investeringane er allereie gjort i 2015.

### **3750 KULTURVERN OG SAMLINGAR**

**Til disposisjon:**                   **kr 203.800**

**Rådmannens forslag:**           **kr 204.000**

Lindås kommune har ei Samlelegat. Denne rettar seg m.a. mot kulturminner og bygdebøker. Kommunestyret har gjeve rådmann i oppgåve å få avvikla legatet. Dette arbeidet er pågående, så det er ikkje høve til å nytta legatet inntil Lotteri- og Stiftelsestilsynet har kome med ei avgjerd. Det ligg føre nokre søknadar om tilskot til ulike bokprosjekt.

#### **Driftstilskot**

**Bygdeboknemda for Lindås sokn** har arbeid med biletksamlinga si i 2015. Samlinga har vore til stor nytte for andre arbeid, m.a. vart det brukt bilete frå samlinga då boka om Kyrkjejubileet på Lindås vart laga i 2015. Laget vil i 2016 jobbe vidare med biletksamlinga og arrangere slektsgranskingskurs. Vidare planlegg dei å fortsette med intervuarbeid samt legge til rette stoff frå samlingane, bilete og tekst.

**DS Oster** vart erklært ferdig restaurert av Fylkesmannen i Hordaland 11. juni 2005. Å vedlikehalde ei slik båt er kostnadskrevjande. I 2016 er det budsjettert kr 492.000 til nødvendige kontroller, seterfisering, reperasjonar og liknande DS Oster får støtte frå m.a. Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren – tilsaman kr 270.000.

**Eknesvågens venner (EV)** er ein ideell organisasjon med føremål å skapa og driva kulturaktivitet i Eknesvågen. EV arrangerer bokcafè kvar sundag 8 mnd i året. Dei arrangerer 2-fjellstur som er open for alle. 17. mai har dei kransnedlegging ved minnesmerke til Ingvald O. Eidsheim og KNM Hitra. Årleg arrangerer EV Eknesvågsdagen, i tillegg til eit utsal arrangement i samband med Kystsogevekene. EK arrangerer også songkveldar, julekai med tenning av juletre, strikkecafè, ryddar turløype, lagar utstilling mm. EK gjer også intervju med eldre folk, for å læra om deira oppvekst og dialekt.

**Lindås sogelag** søker midlar til vidareutvikling av elektrosamling og maritim samling på Feste. I magasinet i Knarvik planlegg dei å setje inn ny dør til samlinga. Vidare er det behov for å skaffe nytt museumsdataprogram «PRIMUS» samt ny pc og biletbehandlingsprogram.

**Nordhordland husflidslag** arbeidar med å fremme god norsk husflid, kulturelt, sosialt og økonomisk. Dette gjennom kurs, utstillinger, torgdag, messer, foredrag, temakveldar mm. I 2016 ønskjer dei å auke aktiviteten m.a. oppgradere vevstova, gratis barneaktivitet på arrangement, arbeide med trykking av rekonstruerte rosemønster for belte og bringeduk samt arbeide med ull aktivitetar for barn og unge. Laget mottek driftsstøtte frå Radøy- og Meland kommune.

**Osterfjorden mållag** er eit lokallag under Noregs mållag. Mållaget si oppgåve er å fremje

nynorsken. Det har dei gjort gjennom vervekampanjar, kulturkveldar, delt ut barneblad til barnehagar og skular, hatt konserter, bokkveldar mm. I 2015 vart det gjeve ut julesongheftet «Kling no, klokka», ei ny utgjeving av tidlegare songhefte.

### **Prosjekt- og aktivitetsstøtte**

**Nordhordland frie vikingar** ønsksje å satse spesielt på barn og unge med historisk kulturformidling av profesjonelle handverkar og kunstnare. I år vert Viking og mellomalder marknaden på Lyngheisenteret open i tida 10-12 juni. Det kan ein se og oppleve historisk handverk og formidling. Nordhordland frie vikingar tek sikte på å gje ei framstilling av «slik kan det ha vore» i form av gjenstandar, bilete og kunstnarisk framføring, musikk, kampsport og vikingleikar for barn.

**Alversund grendelag** er ei interesseorganisasjon for alle som bur i grenda Alversund. Grendalaget ønskjer å restaurere dei to bautastein som står i området – ei v/Alversund kyrkje, den andre nede v/kraftlagskaia. Bauta v/kyrkja er reist for å heidra falne under krigen. Skrifta er i dag knapt synleg. Det vert søkt om midlar til restaurering av skrift. Ved bautastein v/Kraftlagskaia, er det ønskje om å rydde kratt og lage sti. Ein vil gruse passen og sette ut benk.

**Veteranbussklubb BNR** tek vare på bussar og anna lokalt samferdselshistorisk materiell. Dei har 4 bussar. Klubben har dei siste åra samla stoff til å gje ut ei bok om samferdsle i Nordhordland frå 1860 talet til BNR vart kjøpt opp i 2001. Boka skal etter planen kome ut hausten 2016. veteranbusslaget søker kommunane i Nordhordland om kr 5.000 i tilskot. Dei reknar med kr 100.000 i inntekt på boka. Trykke utgiftar er rekna til kr 130.000

**Comino Forlag** søker tilskot til bokprosjektet «Korpsbok for Nordhordland». Målsettinga med bokprosjektet er å beskrive og formidle det unike miljøet og den påverkinga det har hatt på lokalmiljø og musikkutviklinga i Nordhordland.

Hausten 2015 vart Comino Forlag tildelt kr 14.000 i kulturmidlar frå Lindås kommune til bokprosjektet

Prosjektet har ei kostnadsramme på kr 1.175.000. Kr 875.000 skal utgjere tilskott frå kommunar/fylkeskommune og andre tilskot.

Ei eventuell tilskot frå Lindås kommune må vere avhengig av at prosjektet får fullfinansiert prosjektet. Før utbetaling må dette vere bekrefta av Comino forlag.

**Vidar Lehmann** søker tilskot til prosjektet «Motor og kommunikasjonshistorie i Nordhordland. Søknad om tilskot til rehabilitering av ein Chevrolet 1929 rutebil». Etter at bilvegane vart bygd, var dette den eine av to første rutebilane i denne delen av Nordhordland. Rutebilen dekte området Eikanger, Ostereidet, Bjørsvik og Stranda, Ved å frakta passasjerar, varer og post til og frå dampbåtane, mellom dei D/S Oster, var den aktuelle bilen det landbaserte ledet i den heilmotoriserte transportkjeda mellom Bergen og greniane i området.

Prosjektet har ei kostnadsramme på kr 375.000. Det er søkt tilskot frå fleire aktørar. Det er rekna ca 2600 dugnadstimar.

**Laget for Vestlandske Fjordfe** er eit aktivt lag med ca 165 medlemmar som arbeider for å kunne bevare dei gamle storferasane på vestlandet. Laget har engasjert forfattar Roald Pettersen i Ålesund til å skrive ei bok om Fjordfe kua som var i ferd med å dø ut. Prosjektet

har ei kostnadsramme på kr 240.000.

«**Mongstad – bygda som var**» er ei bok som vil ta for seg dei siste 100 åra Mongstad eksisterte som bygd. Boka startar i 1865 med ein presentasjon av dei som budde i bygda då. Det er folketeljingar frå 1865 som er grunnlag for dette. I tillegg inneholdt boka mange fleire artiklar og ikkje minst bilete. Det eldste biletet dei har er frå 1909. Boka vert avslutta med å presentera alle som flytta frå Mongstad i 1972. Boka skal etter planen gjevast ut hausten 2016

**Lemstove Storholmen** ligg på Padøy i Osterfjorden. Huset er truleg bygd på slutten av 1880 talet, på same tid som postopneriet og landhandelen på øya så dagens lys. Hovudhuset eiges i dag av Anders og Line Heimvik. Huset har i seinare år vore brukt som fritidsbolig, men er nå blitt i så dårleg stand at det må gjennomførast ei total restaurering for å bevare som kulturminne.

Lemstova er registrert i Askeladden (Riks som eit kulturminne i Lindås. I Kulturminneplan for Lindås kommune 2011-2021 heiter det m.a. «*skal ein peika på sær preg for regionen og trekk som vi raskt assosierer med Lindås og Nordhordland er det gjerne små sjøbruks/industrimiljøa langs fjordane og **kystkulturlandskapet**; lynghei og villsau, steinmurar, **lemstovar** og ein og annan brakekledd bygning.*»

Restaurering av gammal lemstova på Padøy kan vere eit viktig prosjekt både for å ta vare på kulturlandskap på Padøy og lemstova. Padøy ligg rett i leia for båttrafikk innover i Osterfjorden. Sjølv om ikkje prosjektet skal ha noko offentleg rolle, er det viktig å ta vare på miljøet ei finn langs leia.

Prosjektet har ei kostnadsramme på ca 1.5 mill. Bygningsvernsenteret Voss/Hardanger er engasjert i prosjektet.

### **Investeringar**

**Eknesvågens venner** er ein ideell organisasjon med føremål å skapa og driva kulturaktivitet i Eknesvågen, der dei driv Bokkafeen. Laget disponerer 25 m<sup>2</sup> i 2. høgda. Der planlegg dei å innreie til galleri. Laget har samla inn nokre hundre gamle bilete som dei ønskjer å stilla ut permanent. I tillegg vil dei opne for at lokale kunstnare skal kunne ha ein stad å syne fram kunsten sin.

### **3770 KUNSTFORMIDLING- OG MUSIKK**

Til disposisjon :                   **kr 512.700**

Rådmannens forslag:              **kr 512.575**

#### **Fordelingsnøkkelen:**

Tiltak	Grunnbetøp	Under 20 år	Over 20 år
<b>Skulekorps</b>	40.000	300 pr medlem	125 pr/medlem
<b>Voksenkorps</b>	8.000	250 pr/medlem	150 pr/medlem
<b>Voksenkor</b>	5.000	200 pr/medlem	125 pr/medlem
<b>Barnekor</b>	8.000	250 pr/medlem	150 pr/medlem

Levekårsutvalet har ikkje gjeve støtte til t.d. plateinnspeiling eller til lag som har sitt virke i andre kommunar. Eit døme på unntak er Norsk kulturskuleråd som søker driftsstøtte til Barnas Festspill. Fleire unge musikantar frå Lindås kulturskule deltek kvart år på dette arrangement.

**Medaasprisen** blir årleg tildelt ein utøvande kunstnar som i Ivar Medaas si ånd tek utgangspunkt i lokale musikalske tradisjonar, og som brukar eigen dialekt. Medaasprisen vart første gong utdelt i 2000. I 2015 vart Herborg Kråkevik og Jon Eikemo heidra med prisen. Den vert delt ut under konsertarrangement som dei siste åra har funnet stad på Nordhordland folkehøgskule i Meland.

Medaaspriskomiteen har fleire gongar blitt oppfordra til å flytte arrangementet tilbake til Lindås kommune. I søknaden er dette kommentert slik. «arrangement på Nordhordland folkehøgskule i påvente av kulturhus i Lindås kommune...»

**Alversund kammerkor** er ei blandakor tilslutta Noregs kyrkjekesongforbund. Dei driv korverksem med innøving og framføring av songar og musikalske verkar av sakral og profan karakter med hovudvekt på sakral musikk. Koret planlegg å framføre Juleoratoriet av J.S. Bach før jul i Knarvik kyrkje.

**Alversund mållag** er eit medlemslag ii Norges mållag og arbeider for å fremja nynorsk språk og kultur gjennom ei rad ulike tiltak. Kulturelletiltak retta mot barn er prioriterte. Laget gjev kvart år ei bokgåve til barnehagane og småskuleklassane. Laget har arbeidd saman med andre mållag i regionen for å setja søkjelys på språklege følgjer av kommunereforma, og i mars 2016 med eit større fagseminar om språk og integrering.

**Songlaget Alvidt/Manger** er eit blandakor. Våren 2016 planlegg dei korkafe i Knarvik. Dei deltar elles på songarstevne, syng på julekonsertar og sjukeheim og andre stader der dei vert invitert.

**Lindås skulekorps** er eit skulekorps for barn og unge i alder 9-19 år. Korset har 12 musikantar, 8 juniorer og 3 aspirantar. Korpset deltek på ulike arrangement, slik som Hordablæsten der dei nådde delt 14. plass (2015).

**Nyheim kino** er eigd og vert dreve av medlemmar av Kløvheim ungdomslag. Kinoen engasjera vaksne og ungdom frå 14 år. Kinoen hadde i 2015 100 framsyningar fordelt på fredag, laurdag og lørdag frå slutten av august fram til byrjinga av mai.

**Knøtekoret** er eit kor for barn i alderen 3-6 år. Øving og aktivitetar i Knarvik kyrkje. Koret legg vekt på song, dramaleik og dans. Dei har formingsaktivitetar innimellom. Koret har 2 framføringer pr/semester.

**Alversund musikklag** er einaste amatørkorps med janitsjarbesetning (treblåse-, messingblåse- og slaginstrumenter) i Lindås kommune.

**Leiknes blåseorkester** er eit brassband. Blåseorkesteret vart stifta i 1990 etter at skulekorpset vart nedlagd. Orkesteret har i all hovudsak hatt tilhald på Leknes skule, men i samband med byggearbeid, har dei hatt fleire konsertar m.a. på Ostereidet og kappelet på Hjelmås. Når Storstova på Leknes står ferdig, skal orkesteret ha sine øvingar og konsertar der.

**Alversund skulemusikkorps** er for barn og unge i alderen 5-19 år. Korpset hadde i 2015

21 medlemmar i hovudkorpset, 11 aspirantar/juniorer. Korpset deltek på mange arrangement i løpet av året, t.d. «Hordablæsten», ulike basar, konsertar og øvingshelar.

**Ostereidet skulemusikk** har i dag 16 musikantar og 5 aspirantar og er eit korps i vekst. Korpset deltek på «Hordablæsten» og «Vossablås», «Mangerfestivalen», arrangerer basar og ulike arrangement. Korpset har eit ønskje om å utvida øvingane frå ein til 2 i veka.

**Eikanger/Bjørsvik musikklag** er eit elitekorps og Lindås kommune si «flaggskip» innan brass band bevegelsen i Norge. E/B er særleg opptekne av regionens skulekorps og er ei stor og viktig bidragsyter til opplæring og inspirasjon for skulekorpsmusikantane. E/B gjev også undervisning i styrearbeid til skolekorpsstyrane. E/B er opptekne av lokalt engasjement og å føre vidare regionens lange og gode korpstradisjonar. Dei siste 4 åra har E/B delteke på EM i brassband, sist i Freiburg i Tyskland. Korpset er opptekne av høg kvalitet og har høge ambisjonar både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

**Knarvik skulekorps** tel i dag 55 medlemmar - 8 aspirantar, 16 juniorar og 31 hovudkorpsmusikantar. Korpset spelte i 2015 på 17. mai/jualften, deltok i NM i brass, «Sotrafestivalen» og «Hordablæsten». I tillegg kjem fleire konsertar i løpet av året. Korpset har 3 hovudverdiar !. Det beste opplæringstilbodet i brassmusikk 2. Engasjement og moro og 3. Fellesskap på tvers av aldersgruppe

**Strilen artist og viseklubb** har sendt tilsaman 6 søknadar om kulturmidlar – 1 driftstilskot, 2 søknadar om aktivitets- og prosjekttilskot og 2 søknadar til investering. Slik det kjem fram av søknaden, kan det synes som om aktiviteten er delvis kommersiell. Medlemskveldar har alkoholservering og inngangspengar. Dei ønskjer å trekke til seg noko yngre medlemmar og vil i samband med dette arrangere låtskrivarkurs for ungdom.

Klubben er involvert i eit prosjekt retta mot mindreårige asylsøkjarar som skal bu på mottaket på Vågseidet. Klubben har fått også fått midlar til dette av IMDI.

Strilen artist og viseklubb er knytt til Hundvin og Dalsheim ungdomshus. Dei ønskje å finne og utvikle talentar gjennom å gje dei høve til å framføre sine eigne ting på scene, i eit kreativt miljø og til eit publikum. Som det går fram av søknaden, vert det arrangert artist og visekveldar. Dei fleste av desse er med alkoholservering. Viseklubben ønskjer å legge til rette for nokre alkoholfrie visekveldar for å trekke yngre medlemmar.

Viseklubben har skissert 6 satsingsområde for 2016;

1. Artist- og visekveld med kortare program = meir tid til prat og sosialt samvær
2. Prøve ny form for medlemskveldar = open mikrofon og lokal artist. Nokre kveldar vert alkoholfrie arrangement for å trekke yngre medlemmar
3. Invitere fleire til talentutvikling = jammelege minikonsert/samspelskveldar
4. Oppsøkjande verksemrd = Nokre av medlemmane ønskjer å besøkje skular og andre institusjonar
5. Midlar til kurs og integrering tiltak = søker midlar til kjøp av gitarar og til instruktør som kan gje opplæring i gitar. Gje tilbod til ungdom på Hundvin samt å kunne gje eit tilbod til mindreårige asylsøkjarar som skal bu på mottaket på Vågseidet.
6. Midlar til kurs = låtskrivar- og songkurs

**Skodvin skulemusikk** vart stifta i 1976 og feirar 40 årsjubileum i 2016. Dei har sine øvingar på Skodvin Montessoriskule og deltek i 3 konkurransar i året. Korpset deltek også på konsertar lokalt og utanfor bygda. Dei har som mål at å spele i korps er så gøy at ungdommane trivst og vil fortsetje til dei har oppnådd aldersgrensa for skulekorps.

**Songoret Albatross** er eit blandakor med øvingsbase i ungdomshuset Nyheim på Fammestad, Medlemmane kjem stort sett frå Kløvheim, Myking og Lindås. Koret deltek på julekonsertar, nyttårskonsertar, påskekonsertar, kor kafear, 17. mai arrangement, songstemnar og fleire andre arrangement, både åleine og i samarbeid med andre. Dei har ofte samarbeid med Strilaringen og med Lindås/myking kontori. Dei har som mål å vere blant dei beste kora i Nordhordland.

**Kløvheim skulekorps** er eit av dei eldste skulekorps i Lindås, stifta i 1948. Korpset trekker musikantar frå andre korps som ynskjer større utfordringar enn det dei får i «heimekorpset». Det at mange av dei blir verande etter først å ha fått prøvd seg, betyr at trivsel og miljø i korpset er godt.

**Oster brass** er eit brassband i 1. divisjon som består av musikantar frå 15 til 55 år frå heile Nordhordland. Korpset har det siste året engasjert fleire dirigentar som skapar utvikling og når mål på ulike område. Eikanger/Bjørsvik Musikkklag, Manger Musikkklag og Krohnengen Brass band er nokre av dei elitekorpsa som har rekruttert medlemmar frå Oster brass.

**Lindås songlag** er eit blandakor heimehøyrande i bygda Lindås. For tida har koret 23 medlemmar. I 2016 planlegg koret m.a. sommarkonsert i Balestrand, tradisjonelle haustkonsert, julekonsert, deltaking på «V3erdas lengste sjømatbord» på Lindås.

**Nordhordland kunstlag** vart stifta i 1991. Føremålet er å fremje, utvikle, engasjere og dele interessa for alle former for kunst og kultur i Nordhordland.. I 2016 ønskjer kunstlaget å tilby kurs, arrangere utstillingar og foredrag som er opne for alle kunstinteresserte. Dei ønskjer å gjere seg meir synleg i lokalmiljøet og arbeide for unge kunstnare. Dei ønskjer også å vere eit tilbod for nye landsmenn/kvinner.

**Musikkens Venner Nordhordland** har som mål å arrangera konsertar med lødig musikk av høg kvalitet. Dei er opptekne av å presentere eit bredd musikkutval. I 2015 arrangerte dei 7 konsertar med 1.361 besøkjande. I 2016 planlegg dei 7 arrangement, t.d. «Johannes Kleppvik kveld i ord og tonar», Medlemstur til Festspelkonsert i Bekkjarvik», konsert med nokre unge musikarar som har delteke på den internasjonale Grieg konkurransen».

## AKTIVITET/PROSJEKT TILSKOT

**Norsk kulturskuleråd** søker tilskot til «De unges Festspilldag 2016». Dette er eit årleg arrangement i samband med Festspela i Bergen. I år vert det arrangert 07. juni med opning i Logen. Dagen vert avslutta med festførestelling i Peer Gynt salen i Grieghallen. Rektor ved Lindås kulturskule er med å arrangere, og kvart år deltek fleire elevar frå Kulturskulen i Lindås på Festspela. Dette er eit høve for unge utøvarar innan musikk og dans å vise seg fram for eit publikum på ein profesjonell scene.

**Oster brass** vart stifta i 1981 og har 35 års jubileum i 2016. Dei søker midlar til «inspirasjonsdirigent» til jubileumskonsert. Denne ønskjer dei å nytte til å heve nivået, motivera og gje dei yngste ei god oppleving på eit høgt nivå, også utanom konkurransen.

**Skala brassband** er eit generasjonskorps som spelar på ulike arrangement i Lindås og Meland. Som det går fram av søknaden, har korpset eit prosjekt i høve til opplæring av det musikktekniske. Det er inga informasjon om korleis prosjektet vert organisert. I epost frå leier i bandet 14.03.16, heiter det; «Skala brass band har øvingane sine i Meland kommune. Vi har eit par av medlemmane busett i Lindås kommune, og har også nokre speleoppdrag der i løpet av året, bl.a. på friluftsgudsteneste i Bøkeskogen i juni.»

**Monica Eide** skriv, arrangerer og gir ut eigne låtar innan singer/songwriter sjangeren. Vanlegvis med eigne tekstar på engelsk, men har også gitt ut låtar med tekst av Aslaug Låstad Lygre. Musikken har dei siste åra blitt spelt jamt på NRK Hordaland. Den har også blitt brukt i tv-seriane «Nomino» og «Unge lovende» på NRK, samt i spelefilmen «Sebastians verden». I 2016 ønskjer Monica å gi ut 2 singlar, ein på vårparten og ein til hausten. Målet er å få speletid på radio og slik fremje musikk frå Lindås kommune.

**Alversund musikklag** er eit amatørkorps med janitsjarbesetning i Lindås kommune. 27 medlemmar i alderen 15-70 år. Prosjektet går ut på å arrangere sommarkonsert med «oldboysar», og håpet er at nokre av desse kan tenka seg å spele aktivt igjen. Vidare ønskjer dei å delta i JanAm i Haugesund og invitere med fleire ungdom frå skulekorpset i Alversund. Det er viktig å drive rekrutteringsarbeid for å kunne bevare janitsjarmiljøet i Nordhordland.

**Eikanger/Bjørsvik Musikklag** skal arrangera «Feriespel 2016». Det er venta mellom 70-100 barn og unge i alderen 9-19 år. I dei 4 dagane spela skal vare, vil dei unge få undervisning både i grupper og i samlingskorps. Høgt kvalifiserte instruktørar gjer dette arbeidet på dugnad. E/B ønskjer at dette skal gje ringverknadar i form av stimulans for grasrotnivået til å stå på vidare!

**Vegard Eide** er musikar, 23 år og kjem frå Fammestad. Sidan 2014 har han skrive tekstar til «Mimra», Lindås sogelag sii årlege sogeskrift. I 2015 feira «Mimra» 10 års jubileum, og Vegard skreiv og framførte «Mimra-songen», ei hyllest til Mimra. Prosjektet Vegard søker midlar til er å få spelt inn låta hos Daniel Hauge ved Lydetaten i Isdalstø. Målet er å få publisert låten samstundes som Mimra 2016 kommer ut og å skape ekstra blest om sogeskrifta.

**Hjelmås ungdomslag** har lange tradisjonar for å sette opp revy. Denne trekker publikum langt utanfrå bygda. Revy er kostbart å produsere. Dei treng instruktør, musikkproduksjon i studio, spillemann på førestillingar, rekvisita, kostyme og sminke. Det går fram av søknaden at dette er naudsynte utgiftsposter for å kunne setje opp eit revy med god kvalitet.

## INVESTERINGAR

**Oster brass** søker midlar til kjøp av nye uniformer i samband med 35 års jubileum. Uniformer har ei kostnadsramme på kr 60.000. Vidare ønskjer Oster brass å fortsette med digitalisering av notearkiv. I 2014 og 2015 blei det gjennomført oppdatering av arkivskap og mapper for arkivet og kjøp av scanner for kulturmidlar dei fekk til prosjektet. No er det behov for kjøp av pc, arkivskap og mapper til lager for å få gjennomført prosjektet.

**Alversund musikklag** søker midlar til rehabilitering av toalett i lagshuset på Alverflaten. Under stormen i vinter blåste det nokre takstein av huset like over toalettet. Vann rann inn og gjorde skade på vegg, golv og vindauge. Forsikringa dekka berre vatn som kommer frå grunn og ikkje ovanfrå. Toalettet kan ikkje brukast slik det er.

**Alversund skulemusikkorps** søker midlar til kjøp av oppbevaring- og transportkassar for trommesett.

**Til disposisjon:** kr 228.400

**Rådmannens forslag:** kr 181.890

Fordelingsnøkkelen

Tiltak	Grunnbetjøp	Under 20 år	Over 20 år
Velforeiningar	1500	50	0

### Driftsmidlar

**H-feltet velforeining** er ei velforeining for alle bebruarane i H-feltet i Knarvik, omn omfattar alle som bur i Litlevika og Burkholvdane. Dei arbeidar med å halde vedlike og utvikle fellesareal i feltet. Fellesareal er i hovudsak 2 store leikeplassar og interne gangvegar. Dei arbeidar med trivselstiltak, slik som t.d. jonsokfeiring. Dei bidreg med utspel og informasjon rundt trafikktryggleik, beplantning osv. I 2016 har dei som mål å skifte ut fleire leikeapart på leikeområdet samt ha eit «bli-kjend-med-naboen» arrangement.

**Vestre Vassbygd Grendahus** ligg på Søreide ved Storavatnet. Styret i grendahuset jobbar for å skape ei levande og inkluderande bygd. Grendahuset vert nytta som møteplass for ulike arrangement, samt til utleige. Av arrangement kan nemnas m.a. familiedag om våren, med felles middag. I pinsen vert det arrangert fjelltur med påfølgjande fellesmiddag på grendehuset. Huset vert nytta til ungdomsklubb (5-7 klasse) og barnedisko (1-4 klasse). Huset har også vore nytta til pub med skjenkeløyve, dans og quiz. Laget har over 100 medlemmar i alderen 0 til 20+, men har ikkje medlemskontingent.

**Hundvingrend Indremisjon** er ein organisasjon som driv kristent arbeid på Konglevoll bedehus. Dei har mellom anna Laurdagstimen frå 0-20 år, Tweens frå 4-7 klasse, Nattkafé frå 7 til 10 klasse, diverse familieaktivitetar samt møter og bibeltimar for vaksne. Dei har 85 medlemmar under 20 år og 30 medlemmar over 20 år.

**Natås Bedehus** er eit vanleg bedehus med møteverksemd og utleige til feiring av dagar. Det er behov for ny inngangsdør då denne er därleg og treng utskifting. Det same gjeld vindauge i hovudsal. Det er også eit sterkt ynskje om å få betre belysning i hovudsalen. Medlemskontingent 100 kroner, står oppført med 5 medlemmar.

**Hindenes og Åsgard Grendalag** er eit grendalag for dei to bygdene Hindenes og Åsgard. Det er omkring 100 innbyggjarar i bygda. Grendahuset er ein samlingsplass for innbyggjarane og blir brukt til ulike samankomst, både formelle og uformelle. Dei søker om pengar til drift og vedlikehald av grendahuset samt leikeplass og uteområdet rundt.

**Lindås Indremisjon/Lindås Bedehus:** Lindås Bedehus er eit forsamlingshus som er eigd av Lindås Indremisjon, som er tilknytt Nordhordland Indremisjon. Bedehuset er i bruk til oppbyggelege møter kvar veke. Møta er opne for alle. Mange av dei som nyttar seg av tilbodet er i godt vaksen alder. Ein arrangerer også jamlege møter som er tilpassa familiar med born og ungdom. Dei søker om tilskot til å dekke noko av utgiftene ved drifta av Lindås Bedehus. Dei største utgiftene i forbinde med sjølve drifta går til oppvarming (straum), forsikring og vassavgift. I tillegg kjem vedlikehald som dei også søker midlar til. Dei har 14 medlemmar over 20 år og ein kontingent på 100 kronar.

**Ostereidet Bygdelag** er eit fritt og sjølvstendig lag utan tilknyting til andre organisasjoner. Dei arbeider for å utvikla skulekrinsen til beste for fellesskapet. Alle som bur i

barneskulekrinsen kan delta i laget sine aktivitetar og ingen kan stengast ute grunna sosiale, politiske eller religiøse syn. Laget skal arbeide for å styrka lokalsamfunnet sosialt, kulturelt, næringsmessig og samarbeida med alle gode krefter og lag i skulekrinsen, kommunen og andre offentlege organ.

**Undomslaget Idun** på Eknes driver Ungdoms og Kulturhuset Alvheim. Dei arrangerer og legg til rette mellom anna for barne- og ungdomsaktivitetar, samtidig som dei også legg til rette for at Alvheim også kan nyttas som eit kultur og aktivitetshus også for vaksne. Dei driv «Discokula» ein gang i månaden, et arrangement for barn som per i dag har nær 50 betalande medlemmer. Dei legg til rette for at ungdomsklubben «Entry» skal drive sin ungdomsklubb på ein god måte. Ellers driv dei kulturkafé og basarar samt nokon pubkveldar. Dei har dei siste tre årene drevet med renovering, vedlikehald og oppgradering av lokalane for nær 400.000. Dette vil sannsynleg ferdigstilla i løpet av 2016.

**Lindås Pensjonistlag** vart skipa i 1977, og står tilmeldt Pensjonistforbundet. Laget fungerer godt som positiv og sosial møtestad for mange eldre i bygda. Per i dag er det 129 medlemmer, og av desse møter kring 60 på våre månadlege medlemsmøter i Kyrkjelydssenteret på Lindås. Laget skipar til temakveldar, turar og driv seniordans i Lindåshallen. Siste åra har laget påtatt seg hovudrolla for Eldredagen. Aktivitetsplan for 2016 er på same nivå som i 2015 med 10 medlemsmøter, julemiddag på Westland Hotell, aktivitetsdag i Lindås Senter, eldrefest, seniordans tre torsdagar i månaden, bowling på Litlås, samlekveld i kyrkja, førstehjelpskurs, ein 4-dagars tur, teaterturar og dagsturar med buss samt nødvendige styremøter og administrasjon av alt dette.

**Knatten Burettslag** eig i fellesskap med Rabben og Lyngmarka eit felles uteområde. Dei disponerer ein leikeplass, ei fotballbane og eit grøntanlegg. Dette blir mykje brukt av både bebuarar og barnehagar. Dette fører til stor slitasje. Dei søker om støtte til vedlikehald av uteområdet slik at det haldast i forskriftsmessig stand.

**Bygdekino på Lygra** med framsyning på Lynghesisenteret. Bygdekinoen har framsyning kvar 14 dag, med ein barnefilm klokken 18 og ein voksenfilm klokken 20. Det er vanskeleg å drive kino med overskot då bygdekinoen krev ein fast sum for kvar framsyningsdag. Det er viktig å halde på aktivitetar som foregår på bygda. Det kjem også besökande frå store delar av Lindås Kommune til Lygra for å sjå ein film eller to. Bygdekinoen vil utan tilstrekkelig ekstern finansiering, stå i fare for å bli avvikla.

**Lindås Kulturråd** skal arbeida for best mogeleg tilhøve for kulturen i Lindås Kommune. Kulturrådet skal vere ein arena for samarbeid mellom frivillige lag og organisasjonar innan kulturfeltet, som ikkje høyrer inn under NIF. Lag som i hovudsak er registrert i frivillegregisteret, kan verte medlem.

**Romarheim Indremisjon** er ein aktiv organisasjon som er medlem av Indremisjonsforbundet. Dei arbeider for at fleire skal få meir kunnskap om og kjennskap til Bibelen og den kristne trua. Aktivitetar som bedehusmøter, barne- og ungdomssamlingar og strikkekafé.

9 barn og 24 vaksne, kontingen 50 for barn og 100 for vaksne.

### **Aktivitets- og prosjektilskott**

**Heilt Orginalt!** Er eit enkeltpersonsføretak drive av Elisabeth Tonheim. Verksemda driv innan kulturformidling. Dette gjerast gjennom produksjon av kunst, handverk og redesign ved bruk av gamalt materiale andre kastar. Dei seinare åra har mykje av tida vore brukt i

prosjektarbeid for å fremja Lindåsbygda si historie, etablere nye opplevingar og auke samarbeid. Dette har mellom anna LivOGLyst-prosjekt, Verdas Lengste Sjømatbord, etablering og drifting av Sjøparken i Lindåsosane,

**Osterfjorden Sokneråd** ynskjer å gjennomføre dagsturar for pensjonistar. Osterfjorden Pensjonistlag er ein del av soknerådet sitt diakonale arbeid i kyrkja.

**Lindås Revmatikerlag** er ein frivillig organisasjon som driv trening i varmtvatn på LOAS. Dei søker midlar til å kursa instruktørar i livredding i basseng. Dei har også 25 års jubileum og ynskjer og markere dette med ein fest eller tur.

**Hilland Velforening** ynskjer å leggja til rette for ein større kultursti. Til dette treng dei material, duk, stein- og grusmasse. Dei ynskjer også å drive vedlikehald av eksisterande leikeapparat.

**Nordhorsland Næringshage AS** er ein næringshage under SIVA, med fokus på reiseliv, kultur og opplevelsing.

**Bergen og Omegn lokallag av Norges Fibromyalgi Forbund.** Kommer ikkje fram av søknad om nokon aktivitetar i Lindås Kommune.

**Nordhordland Næringshage AS**, prosjekt LivOGLyst- Lindåsbygda. Skapa trivsel og styrka identiteten til Lindåsbygda, auka aktivitetane mellom frivillige, kulturaktørar og næringsdrivande. Sentrale fokus i 2016 er Møteplassar (to aktive strikkecaféar), Arrangement (Verdas lengste sjømatbord samt julegate) og Samarbeid (kunst, handverk, lokalmat og turcafé).

**Salt Bergenskirken/ Salt Nordhordland** er ein menighet som held til på Knarvik vgs. Dei skal arrangere Salt sosial, ein tradisjon som mange har glede av. I søknaden står dei oppført med 0 medlemmer og ingen kontingent.

### Investeringar

**Lindås Indremisjon** eig Lindås Bedehus som er eit forsamlingshus. Dei ynskje å skifte ut varmepumpe, skifte hovuddør samt kjøpe nye aluminiumsstiger.

**Holy Riders Mc Nordhordland** er ein kristen MC klubb. I takt med auka aktivitet dei siste åra har dei jobba med oppussing av klubbhuset. Dei planlegg å bytte dei største vindauge. Vidare ynskjer dei å oppgradere kjøkkenet.

**Grendahuset Strilatun.** Formålet med Seim Bygdearkiv er å samla inn og lagra dokument/protokollar frå lag og organisasjonar i bygda på ein brannsikker stad.

**Romarheim Indremisjon** eig Romarheim Bedehus. Dei ynskjer å få byggja eit handicap toalett, noko dei ser at det er behov for. Det viktigaste er HC toalettet men dei ynskjer også meir lagerplass og eit lite kjøkken til avlastning.

**Vestre Vassbygd Grendahus** ligg på Søreide ved Storavatnet i Lindås Kommune. Vestre Vassbygd er ein bygd i vekst og det er stadig fleire arrangement der huset vert nytta. Kjøkkenet er lite og gammalt og det er behov for å bytta ut kvitevarene. Det er også behov for eit nytt kjøkkenskap. Grendelaget ønskjer også å oppgradere uteområde samt nytt gjerde.

Kr 14700 261 2310

Attestert

Anvist

**SØKNAD OM KULTURMIDLER - BARN OG UNGE**

**Til disposisjon** 327.500  
**Rådmannens forslag** 177.900

**DRIFT**

Lag	Medl. tal under 20 år	Medl. tal over 20 år	Budsjett 2016	Søknads sum 2016	Framlegg 2016	Kommentar	Kontonr
Osterfjorden Sokn	160	85	280200	47000	43500	Fredagskafe,Jungelgjengen,barnekor, Sprell levande,søndagsskule,vaksenkor	O5373382231
Samhald II 4H	59	9	26000	26000	15700	Klubbrådgjevarsamling	36325082490
CISV NH	39	26	215050	10000	4000	Driftstøtte	36325205339
Lindås Ungdomslag	41	13	203000	30000	12500	Driftstøtte	36406006497
Kløvhim søndagsskule	17	2	17000	3000	3000		O5380139741
Alversund KFUK KFUM speidere	62	6	30800	8000	6000	Patruljeførerkurs mm	36325630633
Kløvheim F Ungdomslag	21	15	487000	40000	8700	Drift av ungdomshuset Nyheim	36406040695
			164000		93400		

**Aktivitet/prosjekt**

Lag	Eigekapital	Sponsor	Budsjett 2016	Søknads sum 2016	Framlegg 2016	Tiltak	Kontonr
Samhald II 4H			0	20000	15000	Paintballutstyr	36325082490
Ungdomslaget Heimhug	27000	6000	65000	40000	12000	Hjelmåsrevyen	O5302358828
Junioren i Eben Eser	35000	10000	21000	5000	3000	Familiesamlinger/kosekvelder	36406050984
CISV NH	0	127000	176000	15000	6000	Barneleir for 11 åringer på Seim	36325656586
Human-Etisk forbund NH	34000	5000	55000	15000	12500	Konfirmasjonshelg på Dyrkolbotn	36325790037
Adrian Vågenes Villanger	0	0	4000	4000	4000	deltaking i NM i styrkeløft i Fredrikstad	65291083433
			99000		52500		

**INVESTERINGSTILSKOT**

Lag	Eigekapital	Sponsor	Budsjett 2016	Søknads sum 2016	Framlegg 2016	Tiltak	Kontonummer
Kløvheim F Ungdomslag	200000	0	250000	50000	20000	Nytt kjøkken	36406040695
Ungdomslaget Heimhug	5000	10000	27000	20000	12000	Innredning av kjellerrom	O5302358828
			70000		32000		

**TILDELING**

Drift 93400

Aktivitet/prosjekt	52500
<b>Investering</b>	32000
	<b>177900</b>

ilt

Kr 14700 261 3750

Attestert

Anvist

**SØKNAD OM KULTURMIDLER - KULTURVERN OG SAMLINGAR 2016**
**TIL DISPOSISJON**  
**203.800**
**Rådmannens  
innstilling**  
**204000**
**DRIFT**

Lag	Medl. tal under 18 år	Medl. tal over 18 år	Budsjett 2016	Søknads sum 2016	Framlegg 2016	Merknad	Kontonr
Nordhordland husflidslag	1	174	449000	20000	10000	Drift	3632 50 73998
Lindås sogelag	0	140	140000	140000	76000	Drift + prosjekter	3632 50 78094
Eknesvägens venner	0	134	106000	4000	4000	Drift	3632 53 90268
Nordhordland veteranbåtlag	50	550	492000	25000	20000	Drift av DS Oster	3640 07 25211
Bygdeboknemd for Lindås sokn	0	8	25000	7000	5000	Drift	3632 50 97730
Osterfjorden mållag	3	3	7000	7000	4000	Drift av lokallag	1208 05 91665
Alversund mållag	0	92	30000	4500	4000	Drift av lokallag	3632 44 47614
			<b>207500</b>	<b>123000</b>			

**AKTIVITETS- OG PROSJEKTSØKNAD**

	Eigenandel	Sponsing	Budsjett 2016	Søknad sum 2016	Fremlegg 2016	Merknad	Kontonr
Nordhordland frie vikinger	10000	60000	100000	30000	9000	Viking og mellomaldermarked på Lygra	3632 58 76950
Allversund grendalag	6000	0	26200	20200	8000	Restaurere bautastein v/kirken samt legge til rette for adkomst og benker	3632 55 04123
Veteranbussklubb BNR	80000	50000	130000	10000	3000	Bok om samferdsel i Nordhordland - frå båt drift på 1860 talet til BNR vart oppkjøpt i 2011	3632 53 79094
Comino Forlag	0	1131000	117500	25000	8000	Korpsbok for Nordhordland	3201 65 48811
Vidar Lehmann	0	50000	80000	25000	17500	Rehabilitering av Checrolet 1929 - Rutebil	3411 39 02452
Laget for Vestnorsk Fjordfe	100000	0	240000	10000	0	Bok om Fjordfe kua som er i ferd med å dø ut	0531 24 49155
Mongstadprosjekt	0	115000	159000	20000	8000	"Mongstad - bygda som var"	
Lemstova Storholmen	551700	800000	1500000	150000	15000	Restaurering av kulturminne Storholmen	1594 38 14349
			<b>290200</b>	<b>68500</b>			

**INVESTERING**

	Eigenandel	Sponsing	Budsjett 2016	Søknad sum 2016	Fremlegg 2016	Merknad	Kontonr
Eknesvågens venner	35000	0	60000	25000	12500	Bygge galleri i 2. etasje på Bokkafeen. Utstillingsmuligheter for lokale kunstnere + ca 200 gamle fotografi	3632 53 90268
				25000	12500		

#### TILDELING

Drift	123000
Einskildtiltak / prosjekt	68500
Investering	12500
<b>TOTALT</b>	<b>204000</b>

Kr \_\_\_\_\_

14700 261 37700

Attestert

Anvist

**SØKNAD OM KULTURMIDLER - KULTURFORMIDLING & MUSIKK****DRIFT**

Lag	Medl. tal under 20 år	Medl. tal over 20 år	Budsjett 2016	Søknads sum 2016	Framlegg 2016	Merknad	Kontonr
							TIL DISPOSISJON KR.
						Rådmannens innstilling:	512.575
Medaasprisen	0	20	150000	20000	7500	Medaasprisen 2016	36325913252
Alversund Mållag	0	290	30000	4500	4000	Hadde i 2015 et underskudd på drift på 14000 kr	36324447614
Songlaget Alvidt/Manger	0	20	79000	8000	7500	Korkafe, sangstevner, julekonserter og sykehjem	36325036707
Lindås Skulekorps	22	0	300000	100000	46600	Daglig drift	36406013744
Kløvheim Ungdomslag/Nyheim Kin	21	15	321000	14000	11075	Drift av kinoen	36325500518
Knøttekoret	45	0	15000	3000	3000	sang, dramalek og dans	36325080307
Alversund musikkklag	4	23	317000	20000	11950	Drift	36320702458
Leiknes Blåseorkester	0	18	81508	15000	10200	Drift	36325066045
Alversund Skulemusikkorps	33	0	259700	50000	49900	Drift	36325005909
Ostereidet Skulemusikk	21	0	229895	45000	45000	Drift	36325275965
Strilen Artist og Viseklubb	15	77	96600	40000	0	Drift	36325940675
Lindås brass	5	14	40000	40000	11350	Drift	34903008417
Eikanger-Bjørsvik Musikkklag	6	39	60000	60000	15350	Drift/renhold av hus, innkjøp av noter mm.	36325003116
Knarvik Skulekorps	55	0	592500	45000	45000	Drift	36325009416
Skodvin Skulemusikk	22	1	489000	349000	46725	Drift	36406026900
Songkoret Albatross	0	24	183000	9000	8000	Drift	36320705309
Kløvheim Skulekorps	26	0	240000	50000	47800	Drift	36406029942
Oster Brass	10	25	350000	100000	14250	Drift	36325008355
Lindås Songlag	0	23	35000	15000	7875	Drift	36406002610
			987500	393075			

**AKTIVITETS -OG PROSJEKTTILSKOT**

Eigekapita	Sponsor	Budsjett	Søknads	Fremlegg	Merknad	Kontonr
		2016	sum 2016	2016		
Norsk Kulturskoleråd			4000	4000	Søknad om støtte til de unges festspilldag 2016	36325075699
Strilen Artist og Viseklubb		24000	40800	15000	5000 Låtskriverkurs	36325940675

Vegar Eide	0	5500	5500	<b>2000</b>	Spille inn låten "Mimra songen" ved Lydetaten i Isdalstø, med lokale musikere.	36325510700
Skala Brassband	83000	12000	89000	<b>0</b>	Prosjekt i forhold til opplæring av det musikk-tekniske	36325069761
Monica Eide	5000	1000	16000	<b>0</b>	Gi ut to singler.	36321084731
Musikkens Venner NH	25000	8000	194732	<b>30000</b>	<b>17500</b> Holde minst 7 konserter i 2016.	36320701869
Lindås Songlag	20000	0	35000	<b>15000</b>	<b>7500</b> Sommerkonsert i "Villa Heimdalstrand".	36406002610
Alversund Musikklag	5000	0	30000	<b>25000</b>	<b>7000</b> Sommerkonsert	36320702458
Strilen Artist og Viseklubb	0	91600	67120	<b>30000</b>	<b>15000</b> Integreringsprosjekt for asylsøkere	36325940675
Nordhordland Kunstlag	6700		1760	<b>6000</b>	<b>4000</b> Synliggjøring av kunsten	36325676897
Eikanger-Bjørsvik Musikklag	49000	15000	94000	<b>30000</b>	<b>15000</b> Utvikling	36325003116
Oster Brass	250000	0	35000	<b>35000</b>	<b>8000</b> Markering av Oster Brass 35 år	36325008355
Alversund Kammerkor	0	32	181000	<b>20000</b>	<b>10000</b> Planlegger å framføre Juleoriorietet av Bach før jul i Knarvik kirke.	52910507060
			<b>235500</b>	<b>95000</b>		

#### INVESTERINGSTILSKOT

Lag	Eigekapita	Sponsor	Budsjett 2016	Søknads sum 2016	Framlegg 2016	Merknad	Kontonur
Oster Brass	250000	0	75000	75000	<b>12000</b>	Nye uniformer/digitalisering av notearkiv	36325008355
Alversund Musikklag	3000	0	20000	17000	<b>8000</b>	Rehabilitering av toaletter	36320702458
Strilen Artist og Viseklubb	0	40000	40000	20000	<b>0</b>	Diverse aktiviteter	36325940675
Strilen Artist og Viseklubb	46000	0	52100	20000	<b>0</b>	Diverse aktiviteter	36325940675
Alversund Skulemusikkorps	0	0	6800	6800	<b>4500</b>	Oppbevaring og transportkasser til trommer	36325005909
			<b>138800</b>	<b>24500</b>			

#### Tilskot

<b>Drift</b>	<b>393075</b>
<b>Aktivitet/prosjekt</b>	<b>95000</b>
<b>Investering</b>	<b>24500</b>
	<b>512575</b>

Kr 192.350 14700 261 3850

Attestert

Anvist

**SØKNAD OM MIDLAR - ANDRE KULTURTILBOD****Til disposisjon:** **228.400****DRIFT****Rådmannens innstilling:** **181.890**

Lag	Medl. tal under 20 år	Medl. tal over 20 år	Budsjett 2016	Søknads sum 2016	Framlegg 2016	Merknad	Kontonr
Knatten Borettslag	46	130	83700	50000	5100	Vedlikehold av uteområde	36325979458
H-fellet Velforening	45	200	20000	20000	5750	Utbytting av lekeapparater, bli kjent dag	65291008520
Vestre Vassbygd Grendahus	42	70	40000	40000	4300	Drift	36325038270
Natås bedehus		5	53000	20000	2500	Utskifting av inngangsdør,vinduer	36404410339
Hindenes og Åsgård Grendalag	50	37	135000	30000	4370	Drift og vedlikehold samt lekeplass	36320715509
Lindås Indremisjon	0	14	22000	11000	2500	Drift	36406010036
Holy Riders MC NH	3	22	88700	8000	2500	Oppussing av klubbhus	36406050615
Ostereidet Bygdelag			13000	5000	2500	Drift	05352101178
UL Idun	46	28	146000	26000	4080	Tilrettelegging for ungdomsklubb, disco	36402603938
Lindås Pensionistlag	0	129	120000	6000	2790	Drift	36400721844
Romarheim Indremisjon	9	24	30000	10000	2500	Drift	36325889629
Lindås Kulturråd			12144	30000	30000	Møtevirksomhet mm	320105893
Hundvingrend Indremisjon	85	30	164000	10000	6000	Kristent arbeid på Konglevoll Bedehus	36406043600
			1210400	266000	74890		

**AKTIVITETS- OG PROSJEKTTILSKOT**

Lag	Eigekapital	Sponsing	Budsjett 2015	Søknads sum 2016	Framlegg 2016	Merknad	Kontonr
Osterfjorden Sokneråd	32000	0	36000	4000	2500	Dagstur for pensjonister	36325599450
Lindås Revmatikerlag	74000	14000	100000	40000	10000	Kurse instruktører i livredding i basseng	36320706011
Hilland Velforening	14000	5000	25000	6000	4000	Kultursti ved fotballbanen	15035075590
Heilt Originalt! Elisabeth Tonheim	25000	0	35000	10000	6000	Sjøparken i Lindåsosane	15036422235
Nordhordland Næringshage	186500	5000	211500	20000	15000	Verdas lengste sjømatbord 2016	15034518804
Bergen og Omegn lokallag av Norges Fibromyalgi Forbund					0	Kurs; Mestring av depresjon	36285048723
NHL Næringshage	25000	6000	41000	10000	7500	LivOGLyst Prosjektet	15034518804
Psykiatrieni Venner	0	0	10000	10000	5000	Aktivitetar retta mot psykisk sjuke	36406050054
			100000		50000		

**INVESTERINGSTILSKOT**

Lag	Eigekapital	Sponsing	Budsjett 2016	Søknads sum 2016	Framlegg 2016	Merknad	Kontonr
Vestre Vassbygd Grendahus	25900	0	36700	12000	7000	Bytte ut hvitevarer , oppgradering av uteområde + gjerde	36325038270
Romarheim Indremisjon	441800	40000	833000	50000	10000	HC toalett	36325889610
Salt Bergenskirken	25000	5000	40000	10000	4000	Salt Sosial 1 april	30003014661
Lindås Indremisjon	28500	0	57000	28500	9000	Utskifting av varmepumpe,hoveddør,stige	36406010036
Alversund Musikklag	3000	0	20000	17000	7500	Rehabilitering av toaletter	36320702458


Grendahuset Strilatun	0	30000	40000	10000	<b>7500</b>	Seim Bygdearkiv	36325004376
Ungdomslaget Heimhug	10000	0	50096	40000	<b>10000</b>	Oppgradering av kjøkken	05302358828
Holy Riders MC NH	88700	0	88700	8000	<b>2000</b>	Oppussing av klubhuset	36406050615
			175500		<b>57000</b>		

**TILDELT**

Drift	74890
Akt/prosjekt	50000
Investering	57000
<b>Totalt</b>	<b>181890</b>

# LINDÅS KULTURRÅD

Isdalstø, 19.04.16



Kultureininga

Att: Eileen Feste

## UTTALE VEDR FORDELING AV KULTURMIDLAR FOR 2016

Lindås kulturråd vil koma med følgjande uttale i samband med forslag til fordeling av kulturmidlar for 2016.

Lindås kulturråd meiner at kulturmidlane må spegle samfunnet sine forventningar i eit lengre perspektiv enn eitt år. Om det no gjeld flyktninger, bygdehus-satsing, kor- og korpssatsing, revysatsing eller anna. Det er viktig at det ligg nokre føringer.

Vi vil vidare merka 4 prinsipielle tilhøve:

1. Lindås kulturråd meiner det er trist at ramma for kulturmidlar har vore uendra dei siste 5 åra. Dette tyder på at det er ein reell nedgang på 10-15 %. Dette er ikkje i tråd med politiske lovnadar og prioriteringar, og er ikkje ein kåra kulturkommune verdig.

Vi vil her visa til side 5 i gjeldande kulturplan:

### «Tiltak knytt til dei overordna måla:

- det er eit mål at 5 % av Lindås kommune sine årsbudsjett vert nytta på kulturfeltet.
- Kommunen bør auka ramma for den økonomiske støtteordninga til lag og organisasjonar med 50% frå 2009 nivå.»

2. Vi meiner det bør innførast at det kun vert søkt om ein samla sum der lag/org. fører opp kva det er dei søker til drift, investering og /eller prosjekt. Dette vil gje handsaminga enklare. Vi ser no at dei mest kreative søker på 4-6 ulike område og på den måten får mest mogeleg ut. Hadde dette vore ein søknad som var spesifisert, var det lettare å sjå heilskapen i støtta til den enkelte, jfr. pkt 3 i Lindås kulturråd sin uttale datert 14 januar 2016 på rammer for kulturmidlar sendt kulturkontoret ved Eileen Feste.
3. Den årlege støtta til kulturråd og idrettsråd burde vore ei fast løvving som var utanom kulturmidlane. Vi finn det ikkje riktig at desse tilskota skal figurera som kulturmidlar. Lindås kulturråd ber om at einingsleiar for kultur tek dette opp med rådmannen for å få midlane over i ein fast budsjettpost. Dette vil gje eit stabilt driftsgrunnlag og ein vil ikkje bruke av midlar tenkt til lag og organisasjonslivet.

4. Lindås kulturråd meiner det burde vore utdelt eit større beløp til kategorien barn og unge i hovudtildelinga og ikkje så mykje overført til haust-tildelinga. Haust-tildelinga- som ifølgje retningslinene er jo kun til prosjekt- og aktivitetstilskot. Det er imidlertid viktig at haust-tildelinga vert gjort godt kjent og i god tid.

Til sjølve fordelinga har Lindås kulturråd desse merknadar:


- a. Adrian Vågenes Villanger – Lindås kulturråd meiner at dette må vurderast av Lindås idrettsråd
- b. Lindås revmatikerlag ? Kurs i livredning i basseng er ei sak Lindås idrettsråd bør handsame.
- c. Psykiatriens Venner – Søknaden kan ikkje handsamast i Lindås kulturråd. Lindås kulturråd meiner vi ikkje har kompetanse til å uttale oss.

Lindås kulturråd ønskjer at kulturkontoret tar ein gjennomgang av metode for tildeling, samt at verkty nytta til utrekning blir kvalitetssikra. Det er viktig at ein får oversikt, unngår openbare feil og klarer å synleggjere prioritering.

Det må gjerast kjent i utlysinga av midlar at leiaren i hovudstyret i laget er ansvarleg juridisk person i laget og skal difor vere innsøkjande instans. Korleis laget så fordeler midlar innad i laget er opp til laget.

Med venleg helsing

Styret i Lindås kulturråd



Einar Vatne  
leiар

# **SAKSPAPIR**

Saksnr	Utval	Type	Dato
037/16	Levekårsutvalet	PS	24.05.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Nora Gjerde	16/1480

## **Melding/orientering til Levekårsutvalet**

32T

Rullering av HFK sin Skulebruksplan - informasjon om framdrift

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Meldinga vert teke til orientering.

## **Saksopplysningar: Politisk handsaming**

Saka skal avgjera i Levekårsutvalet



Kommunar i Hordaland

Dato: 14.04.2016  
Vår ref.: 2016/4132-1  
Saksbehandlar: oddber3  
Dykkar ref.:

## Rullering av HFK sin Skulebruksplan - informasjon om framdrift

Våren 2016 arbeider Hordaland fylkeskommune (HFK) med ei rullering av sin skulebruksplan. HFK ønskjer å kunne tilby eit breitt og fagleg sterkt vidaregåande opplæringstilbod framover både innan yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogram. Vidare er eit overordna mål at flest mogleg av ungdommane i Hordaland fullfører vidaregåande opplæring med eit godkjent kompetansebevis eller vitnemål. For å oppnå dette er det avgjерande med eit godt samarbeid og ein god dialog med kommunane og lokalt næringsliv. Kommunane er difor ein særskilt høyringsinstans i arbeidet med rullering av skulebruksplanen.

Fylkesdirektør for Opplæring ønskjer med dette brevet å informere om framdrifta i arbeidet slik at det vert gitt godt høve til å planleggje ein høyringsuttale for dei kommunane som ønskjer det.

### Bakgrunn

HFK sin skolebruksplan for perioden fram mot 2025 vart handsama og vedtatt av fylkestinget 12. desember 2012 og 13. mars 2013.

I november 2015 vedtok fylkesutvalet (PS280/15) at denne planen skulle rulleraust i 2016. Rulleringa skal vurdere skulestrukturen fram mot år 2030 og leggje til grunn dei same kriteria for skulestruktur som i den opphavlege skulebruksplanen.

### Planlagt framdrift på arbeidet:

- Ut på høyring 19.05.16
- Høyringsfrist 01.07.16
- Etter handtering av innsende høyringsuttalar vil fylkesrådmannen leggje fram politisk sak til slik handsaming:
  - Handsaming Opplærings- og helseutvalet 07.09.16-08.09.16
  - Handsaming Fylkesutvalet 21.09.16-22.09.16
  - Endeleg handsaming i Fylkestinget 04.10.16-05.10.16
- Vedtak vil tidlegast få verknad frå hausten 2017

## Høyringsuttalar

Det vil verte ei open høyring der både institusjonar og privatpersonar er velkomne til å gi uttale. Høyringsgrunnlaget vert ikkje sendt ut i papirform, men publisert på Hordaland.no – Hordaland fylkeskommune sine offisielle nettsider. Dei som vert vurdert som dei mest sentrale høyringsinstansane, vil få tilsendt ein e-post med lenke til høyringsforslaget. Høyringsuttalar kan berre leverast elektronisk på HFK sine nettsider, men det vil verte høve til å laste opp vedlegg dersom det er ønskjeleg.

Birthe Andersen Haugen  
seksjonsleiar

Odd Bjarne Berdal  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*